



BUDSJETT 2021

ØKONOMIPLAN 2021-2024

Vedteke i Heradsstyret ...12.2020

Innhald

1.	INNLEIING FRÅ RÅDMANNEN.....	4
2.	FØRESETNADER FOR BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024.....	5
2.1	Overordna planverk.....	5
2.1.1	Kommunelova.....	5
2.1.2	Kommunale planar	6
2.1.3	Innmelding i Robek.....	6
2.2	Utvikling folketal.....	8
2.3	Finansielle måltal.....	10
2.4	Inntekter	10
2.4.1	Frie og bundne inntekter.....	10
2.4.2	Skatt og rammetilskot	10
2.5	Statsbudsjettet for 2021.....	10
2.5.1	Regjeringa sit framlegg for budsjettåret 2021	10
2.5.2	Inntektssystemet 2021	11
2.5.3	Skatteøyre	11
2.5.4	Skjønstilskot for 2021	11
2.5.5	Ressurskrevjande tenester	11
2.5.6	Pris og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting	12
2.6	Verknad av Statsbudsjett 2021 for Osterøy kommune.....	12
2.7	Eigedomskatt.....	12
2.8	Lånegjeld	13
2.9	Korona	13
3.	ØKONOMIPLAN 2021-2024.....	14
3.1	Grunnlag for Økonomiplan 2021-2024	14
3.2	Utvikling av lånegjeld i økonomiplanperioden 2021-2024	14
3.3	Drift.....	15
3.3.1	Bevilgningsoversikt Drift.....	16
3.3.2	Bevilgningsoversikt Drift pr. sektor	17
3.4	Investering.....	18
3.4.1	Bevilgningsoversikt Investering.....	18
3.4.2	Investeringsplan 2021-2024	19
3.4.3	Kommentarar til investeringsplanen.....	20

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

3.5 Nøkkeltal 2014 -2024	24
4. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR.....	25
4.1 Arbeidsgjevarpolitikk.....	25
4.2 Forebyggjande arbeid med sjukefråvær/IA-avtalen	26
4.3 Opplæringstiltak	27
4.4 Læringar.....	27
4.5 Ikkje betalt lunsj	27
4.6 Avvikle seniortiltak	28
4.7 Rekrutteringsutfordringar	28
5. BUDSJETT 2021 PR SEKTOR	29
5.1 Ansvar 2 SEKTOR RÅDMANN OG STAB.....	29
5.1.1 Innleiing	29
5.1.2 HR	31
5.1.3 Stab, støtte og utvikling - IKT.....	33
5.1.4 Stab, støtte og utvikling - Service, informasjon og dokument	34
5.1.5 Stab, støtte og utvikling - Politisk sekretariat.....	35
5.1.6 Økonomi	36
5.1.7 Rådmann	37
5.2 Ansvar 3 SEKTOR OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR	38
5.2.1 Innleiing	38
5.2.2 Felles Oppvekst, undervisning og kultur	40
5.2.3 Eining Skule.....	41
5.2.4 Eining Kultur og mangfald	43
5.2.5 Eining Barnehage.....	45
5.2.6 Eining Familiens hus	47
5.3 Ansvar 4 SEKTOR HELSE, OMSORG OG SOSIAL	49
5.3.1 Innleiing	49
5.3.2 400 Felles HOS	53
5.3.3 410 Helsetenester	54
5.3.4 430 NAV	57
5.3.5 501 Osterøytunet	59
5.3.6 502 Heimetenesta	62
5.3.7 503 Psykisk helse og rusomsorg.....	64

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

5.3.8 Bu- og avlastningstenesta.....	66
5.4 Ansvar 5 SEKTOR SAMFUNNSUTVIKLING	68
5.4.1 Innleiing	68
5.4.2 Plan og utvikling	71
5.4.3 Teknisk drift	73
5.4.4 Teknisk forvaltning	77
Vedlegg 1 IA Handlingsplan	80
Vedlegg 2 Utgreiing av omgjeriing av barnehagar og skular til oppveksttun i samband med budsjett 2021.....	82

1. INNLEIING FRÅ RÅDMANNEN

Å leia ein kommune i stor endring krev motiverte og engasjerte leiarar, både i politikk og administrasjon. Skal Osterøy kommune klare den snuoperasjonen vi står oppe i, treng vi leiarar som ser at vi treng både ny rolleforståing og ny praksis.

Vi må snu fokus frå å snakke om kutt, til å snakke om å gjere ting på ein anna måte. Sluttar vi å fokusere på utvikling hjelper det ikkje å kutte budsjetttrammer. Utan å endre praksis og arbeidsmåtar, endrar vi ingen ting. Vi må akseptere at det er ting vi ikkje skal halde fram med. Vi må og vere opne for å gjere ting annleis enn slik vi gjer det i dag.

Det er eit felles ansvar for heradsstyre og rådmann at vi får til den naudsynte retningsendringa, og at vi når dei måla vi har sett.

Skal vi utvikle godt leiarskap må vi trene på dei rette tinga. Vi må og bruke dei strategiar og tiltak vi veit verkar. Vi skal involvere breitt fordi det verkar og kostar lite. Vi skal samarbeide fordi det er den strategien som gir best konkurransefortrinn.

I kva grad vi klarer einast om naudsynte endringar, og syte for at desse vert gjennomført vert syretesten på om vi er ein omstillingsdyktig kommune. Dette gjeld både politisk og administrativt. Evne og vilje til samarbeid og brei involvering er nøkkelen til suksess. Di meir komplisert ei utfordring er, og di færre løysingsalternativ du ser, di større grunn til involvering. Vi kjem likevel ikkje i mål utan at vi klarer å samarbeide på tvers av organisatoriske einingar eller partigrupper. Vi må tru at vi skal klare å løyse utfordringa saman.

I løpet av dei neste åra vil vi sjå mange dømer på at ting kan gjerast annleis enn i dag. Dette er noko som tvingar seg fram, då rammevilkåra for kommunesektoren er i endring. Evne og vilje til omstilling og endring vert kanskje dei viktigaste eigenskapane vi kan ha framover. Vi må difor trene på det å sjå moglegheiter framfor utfordringar, og å vere løysingsorientert framfor problemfokusert.

Alle endringsprosessar vert møtte ulikt av ulike personar. Dett er naturleg og heilt forståeleg. Vi har ulike interesser og vert råka ulikt av endringa. Grov sett kan vi dele inn i tre grupper: 10 % vil vere heiagjeng som ynskjer endringa velkomen. 70 % vil vere dei som syter for at produksjonen går sin gang uavhengig av endringa og 20 % vi vere aktive motstandarar. Vi skal anerkjenne alle desse gruppene sine synspunkt og behov. Kunsten vert å fordele merksemd slik at vi ikkje går i den eine eller andre grøfta. Vi må ha ein styrefart som gjer at vi har tilstrekkeleg framdrift samstundes som vi tek oss tid til å involvere og avklare.

Rådmann vil nytte høve til å rette ein stor takk til leiarar og tilsette i kommunen. Det budsjettframlegget vi presenterer er resultat av ein stor innsats frå alle trass i ein travel kvardag og vanskeleg driftssituasjon. Tronge budsjetttrammer, lite personalressursar og ekstra belastning grunna korona gjer kvardagen krevjande. Det står difor stor respekt av det arbeidet som er lagt ned i arbeidet med budsjett og økonomiplan.

Ingvild Hjelmtveit

rådmann

2. FØRESETNADER FOR BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

2.1 Overordna planverk

2.1.1 Kommunelova

Overordna føringar for Økonomiplan og Årsbudsjett er gitt i

Kommunelova kapittel 14 § 14- 1 til 14-5 :

§ 14-1.Grunnleggande krav til økonomiforvaltinga

Kommunar og fylkeskommunar skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeida samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.

Kommunar og fylkeskommunar skal forvalta finansielle middel og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

§ 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal visa kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Dei skal òg visa utviklinga i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vera realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjera kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om løyvingsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklinga i gjeld.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindande verknad. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindande for kommunestyret, fylkestinget og underordna organ. Første punktum er ikkje til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi eit underordna organ autoritet til å avgjera at delar av ei løyving i driftsbudsjettet skal nyttast til å finansiera utgifter i investeringsrekneskapen. Første punktum gjeld ikkje for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har ei rettsleg plikt til å gjera.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endra årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylla kravet til lova om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to gonger i året rapportera til kommunestyret eller fylkestinget om utviklinga i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Viss utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årsbudsjettet.

Viss årsrekneskapen blir lagd fram med eit merforbruk i driftsrekneskapen, skal kommunedirektøren foreslå endringar i årets budsjett. Saka skal behandlast av kommunestyret eller fylkestinget seinast 30. juni.

2.1.2 Kommunale planar

Osterøy kommune har følgjande kommuneplan:

- Kommuneplan med samfunns- og arealdel
 - Samfunnsdel Osterøy 2030
 - Arealdel 2011-2023

Osterøy kommune har følgjande kommunedelplanar:

- Kommunedelplan for oppvekst 2019-2023
- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2013-2022
- Kommunedelplan for sjø og strandsone 2015-2025
- Kommunedelplan for vassforsyning 2013-2024

2.1.3 Innmelding i Robek

Osterøy kommune blei innmeldt i Robek-registeret som følge av **Kommunelova § 28-1 punkt b**:

«Driftsdelen i økonomiplanen er vedtatt med et merforbruk».

Budsjettet for 2020 blei godkjent, men kommunen blei innmeldt fordi ein ikkje kunne saldere økonomiplanen for åra 2021 til 2023.

Videre følger det av Kommuneleova §28-3:

§ 28-3. Departementets kontroll med årsbudsjett og låneopptak mv.

Departementet skal kontrollere lovligheten av vedtak om årsbudsjett truffet av kommuner eller fylkeskommuner som er ført inn i ROBEK-registeret.


Hvis minst ett av forholdene nevnt i § 28-1 første ledd har inntruffet, er et vedtak om å ta opp lån ikke gyldig før det er godkjent av departementet. Et vedtak om å inngå en avtale om leie av varige driftsmidler hvor leieavtalen kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettårene, er heller ikke gyldig før det er godkjent av departementet hvis minst ett av forholdene nevnt i § 28-1 første ledd har inntruffet. Departementet kan ikke godkjenne vedtak etter første og andre punktum før kommunen eller fylkeskommunen er ført inn i ROBEK-registeret. Første og andre punktum gjelder ikke hvis departementet etter § 28-1 andre ledd har bestemt at kommunen eller fylkeskommunen ikke skal føres inn i ROBEK registeret. Departementet godkjenner vedtak om å ta opp lån etter andre ledd første punktum ved å fastsette en øvre ramme for låneopptak for budsjettåret. Departementet kan fastsette vilkår for bruken av lånerammen hvis det er nødvendig av hensyn til kommunens eller fylkeskommunens økonomi.

En avtale om lån er ikke gyldig hvis långiveren forsto eller burde ha forstått at låneopptaket går ut over lånerammen eller er i strid med vilkår for bruk av lånerammen som departementet har fastsatt etter tredje ledd. En leieavtale som nevnt i andre ledd andre punktum er ikke gyldig før departementet har godkjent vedtaket om å inngå avtalen.


2.2 Utvikling folketal

Det er budsjettetert med ein auke i folketalet på 20 i året. Dette er optimistisk ettersom det er låge fødselstal. Folketalet steig med 6 personar frå 01.01.2020 til 01.07.2020.


Forventa utvikling frå SSB i dei ulike alderstrinna:




Forventa utvikling i antall eldre over 80 år:



Forventa utvikling i antall barn og ungdom under 17 år. Dette er ei utvikling som er lik utviklinga i dei fleste kommunar:



Utvikling i foketalet frå 2005 til 2019 fordelt på kvinner og menn:



2.3 Finansielle måltal

I samband med ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020 har Heradsstyret gjort følgende vedtak for finansielle måltal:

«Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1%»

2.4 Inntekter

2.4.1 Frie og bundne inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter (frå private og føretak), eigedomskatt, momskompensasjon og andre ikkje øyremerkta tilskot. Frie inntekter utgjer hovudfinansieringskjelda for driftsrammene. Kommunen rår fritt over desse inntektene, men må sjøvsagt forhalde seg til lover og regelverk.

Dei bundne inntektene er hovudsakleg øyremerkta tilskot, gebyr og eigenbetalingar. Desse inntektene er knytt til spesifikke tenester i kommunen.

2.4.2 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot utgjer 92,7 % av inntektene til Osterøy kommune. Dette er omtrent det same som i 2020. Anslag på inntekter frå skatt og rammetilskot tar utgangspunkt i dei føresetnadene som regjeringa legg til grunn i statsbudsjettet. Utfrå dette lager KS prognoser som er utgangspunktet for inntektene frå Skatt og rammetilskot for 2021 og åra framover.

KS sine prognoser må blant anna korrigerast med kommunen sine anslag på befolkningsauke dei neste åra.

2.5 Statsbudsjettet for 2021

2.5.1 Regjeringa sit framlegg for budsjettåret 2021

Frå 2020 til 2021 er det på landsbasis ein nominell vekst i kommunesektoren sine inntekter på 3,0 %. Den påreknede nominelle veksten for kommunane i Vestland fylke er på 3,1 % som er den same veksten som i kommunesektoren på landsbasis. Osterøy kommune får samla ein nominell vekst i frie inntekter på 3,0 %.

Det er i rammetilskotet for 2021 innlemma fleire tilskot som før var øyremerkte.

Vi blir for 2021 trekt i rammetilskotet med kr 16 300 000 for dei elevane som går i private skular. Dette er ca. kr 800 000 lågare enn i 2020, og skuldast noko færre elevar på dei private skulane.

2.5.2 Inntektssystemet 2021

Inntektsutjamninga er 60 % av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå. For kommunar som Osterøy med lavt skattenivå er tilleggskompensasjonen 35 % av det skattenivået som er under 90 % av landsgjennomsnittet.

2.5.3 Skatteøyre

Det er i statsbudsjettet for 2021 ei målsetjing om at skatteinntekter for kommunane skal utgjere 40 % av dei samla inntektene i 2021. Det kommunale skatteøyret er difor endra frå 11,1 % i 2020 til 12,15 % i 2021.

2.5.4 Skjønstilskot for 2021

Skjønsmidlar skal først og fremst brukast for å kompensere for utgifter kommunane har og som i liten eller ingen grad vert fanga opp i det ordinære inntektssystemet. Osterøy kommune får kr 3 800 000 i skjønstilskot i 2021. Dette er det same som i 2020. Dei siste åra har vi fått ein reduksjon på kr 200 000 i året. Det er budsjettert med kr 3 800 000 i skjønstilskot kvart år i heile økonomiplanperioden.

2.5.5 Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2021 er basert på direkte lønsutgifter i 2020 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2021:

- Kompensasjonsgrada vert vidareført med 80 % av netto utgifter utover innslagsnivået
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka frå kr. 1 361 000 til kr 1 430 000 pr brukar for netto utgifter i 2020. Det inneber ein auke på kr 46 000 utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 %).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2021 skal kommunane inntektsføra i sin rekneskap for 2020. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øymerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

2.5.6 Pris og kostnadsvekst på kommunal tenesteyting

Ved utrekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter for 2020, vert det lagt til grunn ein pris- og kostnadsvekst i kommunal tenesteyting på 2,7 % frå 2020 til 2021. Dette byggjer mellom anna på eit anslag på lønsvekst på 2,2 % og ein kommunal prisvekst på varer og tenester på 3,6 %.

2.6 Verknad av Statsbudsjett 2021 for Osterøy kommune

Tabellen nedanfor viser summen av tiltak i statsbudsjettet for 2020 som gjev grunnlag for auke i frie inntekter. For Osterøy kommune er auken i frie inntekter 3,0 prosent.

Tal i heile 1000 kroner

	R 2018	R 2019	BUD 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Skatt	194 818	204 329	206 899	221 926	215 320	215 848	216 377
Innbyggertilskudd	191 801	200 815	205 029	201 166	203 588	202 931	202 251
Utgiftsutjevning	-4 094	-2 703	3 027	4 000	2 610	2 587	2 434
Inntektsutjevning	40 181	39 930	40 577	42 031	42 041	42 238	42 342
Overgangsordning	5 676	885	-437	-306			
Særskild fordeling	1 660	1 888	3 305	2 139	1 528	1 528	1 528
Skjønstilskot	4 200	4 000	3 800	3 800	3 800	3 800	3 800
Budsjettendringer	339	-261					
Sum	434 581	448 883	462 200	474 756	468 887	468 932	468 732

Statsbudsjettet for 2021 syner ein vekst i frie inntekter for Osterøy kommune på kr 4 400 000 frå budsjettet i 2020. Verkelege tal hittil for 2020 er det vanskeleg å samanlikne med, ettersom vi får ein del midlar i 2020 som gjeld kompensasjon for koronautgifter og for reduksjon i inntekter. Auken i frie inntekter frå 2020 til 2021 skal finansiere løns- og prisstigning, renteauke, satsingar regjeringa pålegg oss å gjennomføre, tilskot som før var øyremerka samt prioriterte tiltak heradsstyret vedtek.

2.7 Eigedomskatt

Osterøy kommune har sidan 2017 brukt skattetatens bustadverdi som grunnlag for å fastsetje eigedomskattegrunnlaget. Skattetatens bustadverdi er eit anslag på bustadens marknadsverdi rekna ut i frå bustaden sitt areal, byggeår, bustadtype, beliggenhet og opplysningar om omsette bustader i kommunen.

Kommunene har inntil i 2020 redusert bustadverdien ved å multiplisere med 0,8. Frå 2020 måtte kommunene multiplisere med 0,7. Same prinsipp måtte brukast på fritidseigedommar og landbruksbustader. Dette har gitt ein lågare eigedomsskattetakst som gjer at inntektene frå eigedomsskatt blir lågare. For å kompensere for dette inntektstapet blei det i budsjettet for 2020 budsjetttert med ein auke i skattesatsen frå 4,15 promille til 5,0 promille. For 2021 vil maksimalskattesatsen vere 4 promille mens den for næring framleis vil vere 7 promille. Reduksjonen i skattesats gjer at kommunen vil få ca. kr 5 100 000 lågare inntekter frå eigedomsskatt. Det er få mogeligheter til å kompensere for denne reduksjonen. Fritak for 500 meters regelen frå veg er ein måte å kompensere noko av inntektstapet på. Dette utgjer ca. kr 350 000 i ekstra inntekter.

2.8 Lånegjeld

Føresetnaden her er at alle investeringer vert fullt ut finansiert med låneopptak. Renta er låg og vi kan binde renta over 3 år til under 1 %. Sertifikatlån er noko lågare med 0,4 % rente.

Som Robek-kommune får vi eit påslag på sertifikatlån på ca. 0,1 - 0,2 % rente

2.9 Korona

I dette budsjettet har ein prøvd å halde direkte koronautgifter utanfor budsjettet til sektorane.

Vi ser at Koronapandemien vil gje utgifter og i 2021, men det er vanskeleg å budsjettere i kva eining utgiftene vil kome og kor mykje Korona utgifter som kjem i 2021.

Regjeringa har i skrivande stund eit forslag til Stortingsvedtak om å auke overføringane til kommunane i forbindelse med Korona-pandemien. For Osterøy vil dette gje kr 7 134 000 i ekstramidler. Av dette er kr 6 634 000 i følgje finansdepartementet «Kompensasjon ekstraavgifter og inntektsbortfall Covid-19». I tillegg kjem kr 500 000 som gjeld midlar til «Kontrolltiltak smittevern» . Desse midlane ligg som inntekt under rammeoverføringane i siste prognose frå KS for 2021 og dei er difor og tatt med i rammeoverføringane. Sidan vi ikkje veit kva eining eller sektor som vil få utgifter til Korona er det budsjettert med tilsvarende beløp, kr 7 134 000 som Korona utgifter under sentrale postar.

Typiske utgifter til Korona er utgifter til vaksinasjon, koronateam , smittevernlager, hotell, transport, frikjøp kommuneoverlege, forsterka reinhald , bedriftshelseteneste samt utgifter ved at ansatte er i karantene.

3. ØKONOMIPLAN 2021-2024

3.1 Grunnlag for Økonomiplan 2021-2024

Følgjande vert lagt til grunn i Økonomiplan for 2021 til 2024:

Tal i heile 1000 kroner							
	R 2018	R 2019	BUD 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Skatt /ramme	434 967	448 313	462 200	474 756	468 887	468 932	468 732
Havbruksfond	12 900	0	12 900	4 500	10 200	4 500	10 200
Eigedomsskatt	25 490	31 858	32 238	29 138	29 138	29 138	29 138
Andre inntekter	3 309	4 288	3 300	3 300	3 300	3 300	3 300
Netto finansutgifter	-24 691	-27 583	-31 900	-30 450	-32 050	-35 050	-37 850
Netto avsetjing	250	0	5 525	0	0	0	0
Sum	452 225	456 876	484 263	481 244	479 475	470 820	473 519

3.2 Utvikling av lånegjeld i økonomiplanperioden 2021-2024

Tal i heile 1000 kroner								
Eks formidlingslån	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Lånegjeld 1.1	451 428	484 583	575 633	554 633	583 133	642 033	688 583	727 133
Låneopptak	49 850	109 550	0	50 000	82 400	71 250	64 750	54 250
Avdrag	-16 695	-18 500	-21 000	-21 500	-23 500	-24 600	-26 200	-27 500
Lånegjeld 31.12	484 583	575 633	554 633	583 133	642 033	688 583	727 133	753 883

I ein kommunerekneskap vert både avdrag og renteutgifter belasta driftsrekneskapet.

Ein auke i investeringar gir auke i låneopptak og høgare driftskostnader.

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

3.3 Drift

Tal i heile 1000 kroner							
Økonomiplan 2020-2024		Oppdatert	i 2020 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall
	2018 kr	2019 kr	2020 kr	2021 kr	2022 kr	2023 kr	2024 kr
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Drift	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Generelle driftsinntekter							
Ordinært rammetilskudd	240 713	244 553	255 301	259 964	253 567	253 084	252 354
Skatt på inntekt og formue	194 254	203 760	206 899	214 792	215 320	215 848	216 377
Eigedomsskatt	25 490	31 858	32 238	29 138	29 138	29 138	29 138
Andre skatteinntekter	1 131	569	600	600	600	600	600
Tilskot frå havbruksfond	12 937	996	12 900	4 500	10 200	4 500	10 200
Andre overføringer og tilskudd frå staten	16 008	13 825	14 469	14 500	14 500	14 500	14 500
Overføringer og tilskudd frå andre	130 987	122 769	63 364	65 000	65 000	65 000	65 000
Brukerbetalinger	23 770	24 144	23 556	24 000	24 000	24 000	24 000
Salgs og leieinntekter	38 647	45 939	39 466	39 500	39 500	39 500	39 500
Sum generelle inntekter	683 938	688 413	648 793	651 994	651 825	646 170	651 669
Lønnsutgifter	356 601	369 686	368 123	383 500	374 149	372 019	371 900
Sosiale utgifter	90 817	93 917	92 584	98 263	97 100	96 200	96 000
Kjøp av varer og tjenester	153 593	167 357	134 780	130 458	120 976	115 500	115 069
Overføringer og tilskudd til andre	37 506	37 201	26 932	27 000	27 000	27 000	27 000
Avskrivninger	25 235	26 955	25 000	30 000	31 500	33 000	34 500
Sum driftsutgifter	663 751	695 116	647 418	669 221	650 725	643 719	644 469
Brutto driftsresultat	20 186	-6 703	1 375	-17 227	1 100	2 451	7 200
Renteinntekter	5 260	4 459	3 800	2 350	2 350	2 350	2 350
Utbytte	0	0	0	0	0	0	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	730	1 035	1 200	1 100	1 100	1 100	1 100
Renteutgift	12 017	12 863	14 700	11 100	10 900	12 300	13 800
Avdrag på lån	18 508	20 009	22 200	23 500	24 600	26 200	27 500
Netto finansutgifter	24 535	27 378	31 900	31 150	32 050	35 050	37 850
Motpost avskrivninger	25 235	26 955	25 000	30 000	31 500	33 000	34 500
Netto driftsresultat	20 886	-7 126	-5 525	-18 377	550	401	3 850
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overført til investering	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-1 880	685		3 548			
Netto avsetninger til eller bruk av diposisjonsfond	0	0	5 525	14 829			
Dekning av meirforbruk tidlegare år							
Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	-1 880	685	5 525	18 377	0	0	0
Netto avsetninger	-1 880	685	5 525	18 377	0	0	0
Framført til inndekning av netto driftsres. (meirforbruk)	19 007	-6 441	0	0	550	401	3 850

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

3.3.1 Bevilgningsoversikt Drift

Tal i heile 1000 kroner							
Økonomiplan 2020-2024		Oppdatert	i 2020 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall
§ 5-4 Bevilgningsoversikt							
Drift	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Generelle driftsinntekter							
Ordinært rammetilskudd	240 713	244 553	255 301	259 964	253 567	253 084	252 354
Skatt på inntekt og formue	194 254	203 760	206 899	214 792	215 320	215 848	216 377
Eigedomsskatt	25 490	31 858	32 238	29 138	29 138	29 138	29 138
Tilskot frå havbruksfond	12 937	996	12 900	4 500	10 200	4 500	10 200
Andre direkte eller indirekte skatter	655	569	600	600	600	600	600
Andre generelle statstilskudd	2 617	2 723	2 700	2 700	2 700	2 700	2 700
Sum generelle inntekter	476 666	484 459	510 638	511 694	511 525	505 870	511 369
Sum bevilgninger drift, netto	433 218	463 319	484 263	498 921	478 925	470 419	469 669
Avskrivninger	25 235	26 955	25 000	30 000	31 500	33 000	34 500
Sum netto driftsutgifter	458 453	490 274	509 263	528 921	510 425	503 419	504 169
Brutto driftsresultat	18 213	-5 815	1 375	-17 227	1 100	2 451	7 200
Renteinntekter	5 085	4 250	3 800	2 350	2 350	2 350	2 350
Utbytte	0	0	0	0	0	0	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	1 031	0	0	0	0	0
Finansinntekt	730		1 200	1 100	1 100	1 100	1 100
Renteutgift	12 011	12 854	14 700	11 100	10 900	12 300	13 800
Avdrag på lån	18 495	20 009	22 200	23 500	24 600	26 200	27 500
Netto finansutgifter	24 691	27 582	31 900	31 150	32 050	35 050	37 850
Motpost avskrivninger	25 235	26 955	25 000	30 000	31 500	33 000	34 500
Netto driftsresultat	18 757	-6 442	-5 525	-18 377	550	401	3 850
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overført til investering	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond				3 548			
Netto avsetninger til eller bruk av diposisjonsfond	250	6 442	5 525	14 829	0	0	0
Dekning av meirforbruk tidlegare år							
Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	250	6 442	5 525	18 377	0	0	0
Netto avsetninger	0	0	0	0	0	0	0
Framført til inndecking av netto driftsres. (meirforbruk)	19 007	0	0	0	550	401	3 850

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Tabellen over viser at kommunen vil få eit negativt driftsresultat i 2021, og at disposisjonsfondet er tømt. Størrelsen på disposisjonsfondet pr. 31.12.2020 er framleis usikkert grunna at dette fondet og skal dekke underskotet i 2020. Vi reknar det som sannsynleg at fondet er om lag kr. 16 000 000 etter inndekning av underskotet i 2020.

Mange av dei planlagte kutta, og då spesielt i Oppvekst, vil få full årseffekt i 2022. I tillegg aukar inntektene noko i 2022 med høgare inntekter frå Havbruksfondet. Desse forholda gjer at vi kan få eit overskot i 2022 og begynne å bygge opp att disposisjonsfondet. Dette forutset at alle innsparingene blir gjennomført og at utgiftene ikkje aukar på nytt i 2021 og 2022.

3.3.2 Bevilgningsoversikt Drift pr. sektor

Tal i heile 1000 kroner							
Økonomiplan 2020-2024	Oppdatert	Oppdatert	i 2020 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall
Bevilgninger - drift	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bevilgninger drift:							
Frie inntekter og finans	-15 290	-20 087	-19 324	-1 990	-9 124	-9 124	-9 124
Rådmannen/stabsseksjonar	59 367	41 864	39 155	39 705	39 025	38 140	38 140
Oppvekst, undervisning og kultur	189 600	205 332	210 175	202 387	194 477	190 810	190 060
Helse, omsorg og sosial	182 820	198 130	213 647	218 750	215 530	212 297	212 297
Samfunnsutvikling (eks sjølvkost)	24 117	46 303	49 608	49 069	48 017	47 297	47 297
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	-7 396	-8 223	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Sum bevilgninger drift, netto	433 218	463 319	484 261	498 921	478 925	470 420	469 669

3.4 Investering

3.4.1 Bevilgningsoversikt Investering

Sidan vi er i Robek-registeret, må Fylkesmannen godkjenne låneopptak og dermed godkjenne investeringane våre ettersom vi legg opp til å lånefinansiere dei.

Prosjekt som fører til betre effektivitet og framtidig vil gje reduserte kostnader, vil bli prioriterte. Det held ikkje nødvendigvis med å auke kapasiteten for at eit prosjekt skal bli godkjend. Vi vil komme tilbake med eigne saker før oppstart av eigne prosjekt der også innsparingspotensialet vil bli synleggjort.

Tal i heile 1000 kroner							
Økonomiplan 2020-2024	Oppdatert	Oppdatert	i 2020 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall	i 2021 tall
2A Bevilgningsoversikt -	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Investering	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Investering i varige driftsmidler	89 192	85 991	119 200	82 400	71 250	64 750	54 250
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 670	1 521	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	10 506	6 294	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Avdrag på lån	2 367	2 557	2 000	2 500	2 500	2 500	2 500
Sum investeringsutgifter	103 735	96 363	129 200	92 900	81 750	75 250	64 750
Kompensasjon for merverdiavgift	10 918	7 785	15 000	7 500	7 000	6 500	6 000
Tilskudd frå andre	165	0	0	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidler	293	7 606	0	0	0	0	0
Sal av finansielle driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskaper	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne m	6 740	5 376	2 000	3 000	3 500	4 000	4 500
Bruk av lån	85 620	75 596	112 200	82 400	71 250	64 750	54 250
Sum investeringsinntekter	103 735	96 363	129 200	92 900	81 750	75 250	64 750
Videreutlån	6 740	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Bruk av lån til videreutlån	-6 740	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekket be	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	0	0	0	0	0	0	0
Framført til indekning i seinare år(udekket)	0	0	0	0	0	0	0

3.4.2 Investeringsplan 2021-2024

Tal i heile 1000 kroner						
INVESTERINGSOVERSYN						
	Kritiske prosjekt	2021	2022	2023	2024	sum 2021-2024
1260	Valestrand skule, trafikksikring, parkeringsplass, skuleområde (vidareføring)	14 500				
1252	Utvidelse Hauge barnehage	5 000	8 000			
	Flaumsikring Valestrand	4 500				
1007	Investering i digitalisering - velferdsteknologi	2 000	1 500	1 500	1 500	
1152	Ombygging rådhus- sikkerhet samt optimalisering av rådhus	500	0	0		
	Samlokalisering brannvern, tekniske tenester, ambulanse	6 500	17 500	17 500		
1237	Utbedring kommunale bruer	1 000	1 000			
	Votlo rassikring	3 700				
	Bustadar omsorg + -kommunal del	5 000	15 000	15 000	40 000	
	Sum Kritiske prosjekt	42 700	43 000	34 000	41 500	161 200
	Sjølvkost					
1011	Ymse vatn og avlaup (VA)	1 000	1 000	1 000	1 000	
1200	Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avløp	500				
	Overføringsledning Raknes -Lonevåg	2 000				
	Bruvik Vassverk utbedring elveinntak	900				
	Høydebasseng Hauge	5 000	0			
	Tiltak avlaup Tysse	2 000				
	Gravemaskin	450				
	Rehabilitering vannledning Votlo	500				
	Tiltak avlaup Skålevik og Lekneset i Haus	0	1 000			
	Vannpumpestasjon Reigstadåsen	600				
1289	Rehabilitering av VA-leidningar	2 000	2 000	2 000	2 000	
	Sum Sjølvkost	14 950	4 000	3 000	3 000	24 950
	Prosjekt i samarbeid med andre - Sjølvkost					
1221	Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup	2 000				
1201	Haus vassverk og avlaup, til Espevoll	4 000				
	Sum prosjekt i samarbeid med andre - Sjølvkost	6 000	0	0		6 000
	Kostnadseffektivisering					
1009	ENØK - tiltak, generelt	1 000	1 000	1 000	1 000	
	Sum kostnadseffektivisering	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

INVESTERINGSOVERSYN fors.						
Samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift						
1191	Bustadar for personar med utviklingshemming	1 000	15 000			
	Bustader for personar med utviklingshemming Solplassen	2 000				
1010	Brannsikring kommunale bygg	250	250	250	250	
1279	Kommunale biler	2 100	2 000	2 000	2 000	
1086	Kjøp av eigedom/innløyising av grunn	3 000	3 000	3 000	3 000	
1012	Idrett og friluftsliv	500	0	0		
	Osterøytunet - investeringer	500	500	500	500	
1295	Osterøy ungdomsskule, Oppstart planprosess for utviding/ombygging				1 000	
	Trafikksikring av kommunal veg og eigedom	1 000	1 000	1 000	1 000	
	Oppgradering utleigebustad Rundhovde	750	0			
	Osterøytunet - avdelingskjøkken oppgradering	500	500			
	Akuttboliger	1 500				
	Bu og avlastning Prestmarka /Rymleheia Bad-kjøkken	150				
	Psykisk helse - bufelleskap 9 plasser/ 4 treningsleiligheter	0	1 000	20 000		
	Osterøy integrering og læringscenter nytt undervisningskjøkken	500				
	Osterøy ungdomsskule	0			1 000	
	Ekom Fiber	100				
	Fotlandsvåg Skule oppgraderinger	700				
	Dagsturhytte	800				
	Oppgradere tak Lonevåg barnehage	2 400				
	Sum samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av d	17 750	23 250	26 750	8 750	76 500
	Sum investeringar	82 400	71 250	64 750	54 250	272 650
	Sjølvkost	20 950	4 000	3 000	3 000	30 950
	Ordinære investeringar	61 450	67 250	61 750	51 250	241 700

3.4.3 Kommentarer til investeringsplanen

3.4.3.1 Kritiske prosjekt, samt prosjekt som pågår

Valestrand skule, trafikksikring, parkeringsplass, skuleområde

Ny parkering for skulen og idrettsplass, snulomme for buss og etablering av ny av- og påstigningslomme til skulen. Prosjektet er i samarbeid med Statens vegvesen og med delfinansiering av fylkeskommunale midlar for bygging av busshaldeplass. Omregulering pågår og bygging skjer i 2021.

Utviding Hauge barnehage

Utviding av eksisterande barnehage med inntil 2 nye avdelingar samt administrasjon/ personalrom.

Flaumsikring Valestrand

Ny utløpsterskel i Valestrandsvatnet for å sikra mot flaum. Vil få tilskot 50 % frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Investering i IKT - digitalisering / verktøy / kompetanseheving

Samleløyving IKT og digitalisering inkl. investering IKTNH. Andre døme som inngår i posten er teknologiske hjelpemiddel , velferdsteknologi og programvare.

Ombygging i Rådhus

Gjenstående arbeid og investeringer frå 2020 i forbindelse med omrokkingar og flytting av einingar for å optimalisere arealbruken i Rådhuset.

Samlokalisering brannvern, tekniske tenester, ambulanse

Jfr sak 041/19 Heradsstyre. Kjøp av eigedom samt tilpassing og bygging i åra 2022 og 2023.

Utbedring kommunale bruer

Fleire kommunale bruer treng oppgradering, jfr eigen rapport. Tilstandsrapportar klare i 2020 og utbetring i 2021 og 2022.

Votlo rassikring

Jfr sak 056/19 heradsstyre. Sum inkl tilskot frå NVE.

Bustadar Omsorg +

Bustader med heildøgns omsorg, administrasjonsbygg heimetenester, demenslandsby. Lokalisering på Hauge, gradvis utbygging etter behov fram til 2040. Basert på rapport frå Norconsult, og heradsstyrevedtak sept 2019.

Kjøp av tomtar i 2021 og med utbygging i åra etter.

3.4.3.2 Sjølvkostprosjekt i kommunal regi

Ymse vatn og avlaup (VA)

Generell årleg post, akuttberedskap

Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avlaup

I samband med ny vass-og avlaupsleidning i Byrkjelandsdalen vart det planlagt ny kommunal leidning til Østre kleppe. Dette for tilkopling av eksisterande bustader.

Overføringsleidning Raknes –Lonevåg

Gjeld sjøleidning frå Raknes inn Lonevågen med vidare leidning til høgdebasseng Lonevåg. Delar av leidningen er lagt i samband med VA i Fugledalen.

Vil kunna forsyna Lonevåg frå Fotlandsvåg vassverk. Vesentleg for å tryggja vassforsyninga.

Bruvik Vassverk

Gjeld utbedring av av elveinntak.

Høydebasseng Hauge

Betre trykkforholda og auka leveringstryggleiken.

Tiltak avlaup Tysse

Gjeld bygging av slamavskiljar Stormyra Tysse

Gravemaskin

Ny gravemaskin til VA.

Tiltak Skålevik og Lekneset i Haus

Gjeld bygging av slamavskiljar samt Skålevik og Lekneset i Haus.

Vannpumpestasjon Reigstadåsen

Ny pumpestasjon.

Rehabilitering av vannledning Votlo

Rehabilitering av vannledning etter ras på Votlo

Rehabilitering av VA-leidningar

Årleg post for oppgradering av det eksisterande VA-nettet

3.4.3.3 Prosjekt i samarbeid med andre

Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup

Knytt til utbyggingsavtale. Bygging av VA anlegg til Hauge, jfr avtale. Mesteparten av kostnadene er påløpt i 2020.

Haus vassverk og avlaup, til Espevoll

Knytt til utbyggingsavtale. Pågår forhandlingar. Kommunen sin andel av prosjektet vil ikkje vere fastsatt før ein er einig med utbygger om ein utbyggingsavtale. Usikker framdrift.

3.4.3.4 Kostnadseffektiveisering

ENØK - tiltak, generelt

Årleg løyving til tiltak knytt til energiøkonomisering.

3.4.3.5 Samfunnsutvikling og oppretthald/utvikling av drift

Avlastningstilbod og dagtilbod

Avlastingsbustad og dagtilbod på Hauge. Prosjektering og førebuing i 2021 og bygging i 2022.

Bustadar for personar med utviklingshemming Solplassen

Oppgradering av eksisterande bygningsmasse og nye enheiter med personalbase. Arbeidet starta i november 2019, planlagt ferdig februar 2021.

Nytt Familiens hus m.m.

Mindre justeringar blant anna dører og solskjerming.

Brannsikring kommunale bygg

Generell årleg post til brannsikringstiltak av investeringsmessig karakter.

Kommunale biler

Årleg behov og løyving knytt til jamleg utskifting av bilparken, inkludert innkjøp av el-biler. I 2021 inkluderer det og ein strøbil.

Kjøp av eigedom/innløysing av grunn

Samleløyving til ulike tiltak av eigedomskjøp. Gjev handlingsrom for rådmannen til å løyse akutte saker som dukker opp i løpet av året. Årleg løyving.

Idrett og friluftsliv

Årleg løyving.

Osterøytunet

Inventar, senger, maskiner. Årleg behov for oppgradering.

Osterøy ungdomskule, Oppstart planprosess for utviding/ombygging

Vidare prosjektering og avklaringar nødvendig – utsett til 2024.

Trafikksikring av kommunal veg og eigedom

Årleg løyving. Kan utløyse delfinansiering gjennom tilskotsmidlar.

Osterøytunet- avdelingskjøkken oppgradering

Behov for oppgradering av avdelingskjøkken.

Akuttbustader

Flytting og oppsettjing av akuttbustader.

Bu og avlastning

Oppgradering av kjøkken Peraplassen og bad Rymleheia.

Psykisk helse – bufellesskap, 9 plassar / 4 treningsleiligheiter

Etablering av nytt tilrettelagt bufellesskap med ni plassar, fire treningsbustader i tilknytting til bufellesskapet. Dette vil kome som erstatning for bufellesskapet i Haus. Meldt inn til plan for Lonevåg sentrum. Planlegging i 2022 og bygging i 2023

Osterøy integrering og læringscenter nytt undervisningskjøkken

Nytt undervisningskjøkken.

Ekonomi Fiber

Kommunen sin egenandel for å bygge ut fiber i kommunen.

Fotlandsvåg skule oppgradering.

Utskifting og oppgradering av blant annet skulekjøkken.

Oppgradere tak Lonevåg Barnehage.

Gjeld oppgradering av tak på barnehagen. Årleg vedlikehald av taket er i dag ei stor utgift for kommunen.


3.5 Nøkkeltal 2014 -2024

	RES 2016	RES 2017	RES 2018	RES 2019	BUD 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Netto driftsres i % av brutto driftsinntekter	0,8 %	-0,1 %	3,1 %	-1,0 %	-0,9 %	-2,8 %	0,1 %	0,1 %	0,6 %
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	73,4 %	75,8 %	84,2 %	80,6 %	89,9 %	99,5 %	105,6 %	112,5 %	115,7 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	1,4 %	2,1 %	2,1 %	1,8 %	2,8 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %	0,6 %

Heradsstyret vedtok i desember 2019 at netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1 %. Slik den økonomiske situasjonen er, vil vi ikkje greie dette i økonomiplanperioden.

Ut i frå tabellen ser vi og at langsiktig gjeld aukar i % av brutto driftsinntekter. Vi forutset at alle framtidige investeringar blir lånefinansiert og at alle investeringar i økonomiplanen blir gjennomført.

4. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR



4.1 Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal vere ei profesjonell, samskapande og utviklingsorientert organisasjon, med dyktige medarbeidarar, kompetente leiarar, god involvering og eit sterkt fokus på medarbeidaren som den viktigaste ressursen for å levere gode tenester. I inneverande planperiode skal arbeidsgjevarpolitikken reviderast der ein arbeider spesielt med områda, organisasjonskultur, leiing, medarbeiderskap, kompetansesamansetting og rolleavklaringer. Kommunen skal vidareutvikle arbeidet gjennom digitalisering, samhandling, informasjonsarbeid, revidering av plan og styringsdokument og riktige verktøy for leiarane og medarbeidaren. Arbeidet med å endre fokus for sektorleiing til heilskapleg kommuneleiing, skal vere førande for arbeidet i 2020 og framover.

Leiarutviklingsprogrammet Dialog kafé omfattar alle einingar i kommunen og skal bidra til ein endringsdyktig, meistringsorientert, kompetent og samskapande organisasjon. Osterøy kommune skal leiast i samsvar med verdiane respekt, omsorg, tydeleg og ærleg.

Organisasjonen har i dei kommande åra behov for nye effektive løysningar, revidering og utarbeiding av plan og styringsdokument, særleg innan arbeidsgjevarstrategi, organisasjonsplan, kompetanseplan og kulturbygging. Samstundes står organisasjonen framfor store strukturelle og organisatoriske endringar for å utarbeide og styre etter eit saldert og realistisk budsjett.

4.2 Forebyggjande arbeid med sjukefråvær/IA-avtalen

Den nye IA avtalen for 2019-2022 gjer tydeleg at ansvaret for dette arbeidet ligg plassert på kvar arbeidsplass og inneheld mål og innsatsområde som best kan påvirkast her. Her er det to innsatsområde som blir løfta fram:

1. Forebyggjande arbeidsmiljø (fokusområde 1)
2. Gjentakande lange hyppige sjukefråvær (fokusområde 2).

Osterøy kommune har og eit uttalt overordna mål om reduksjon av sjukefråværet med 10 % samanlikna med årsgjennomsnittet for 2019.

Ut i frå dette, har IA utvalet har utarbeidd fylgjande to års handlingsplan for Osterøy Kommune. IA handlingsplan ligg som vedlegg 1 til budsjettet.

IA-utvalet har valt å fokusera meir målretta på forebyggjande arbeid og på fakta som skaper nærvær på arbeidsplassen. Nyare forskning innan psykososialt arbeidsmiljø viser tydeleg at våre tilsette sitt engasjement viser seg å vere den aller viktigaste nærværsfaktoren vår. Det handlar om engasjement for arbeidsoppgåver, kvalitet på eige arbeid, arbeidsmoral og oppmerksomheit ovanfor kollegaer. I utgangspunktet gjer arbeid god helse, viss ein har positive relasjonar rundt seg og eit godt arbeidsmiljø. Positive relasjonar mellom kollegaer på arbeidsplassen gjer oss større engasjement, betre tenking, meir motstandskraft og mindre negativitet. Altså betyr det mykje for eigen innsats om vi er omgjeven av positiv eller negativ sosial energi. Dette er faktorar som kan påverkast og som kan snu våre problemstillingar i meir positiv retning og gje oss ein forbetra kapasitet.

I Dialog Kafe, vår arena for samarbeid på tvers, arbeidar vi framleis med å skape meir meistringsklima og meistringsorienterte leiare. Her har vi sett at IA-leiing og meistringsorientert leiing handlar mykje om det same: ein leiars moglegheit til å skape gode relasjonar er avgjerande, også for å kunne forebyggje sjukefråvær. Jo meir openheit og tilitt mellom leiar/medarbeidar, jo meir kunnskap (informasjon) har leiar, noko som vil gjere tilrettelegginga lettare.

For å ytterlegare løfte vårt IA arbeid, har utvalet valt å fokusere meir på tre konkrete satsingsområde i tida framover:

1. TREPARTSSAMARBEID
 - a. Kartlegge kva er det som gjer at det ikkje fungerer alle stader.
 - b. Forbetre rutineane rundt rapportering på avholdte møte.
 - c. Trepartsamarbeid – eit fast punkt på AMU. Det vil vere viktig at dette vert etterspurt.
2. FOKUS PÅ EINIGAR MED HØGT FRÅVÆR OVER TID (vi må vere tettare på desse sakene)
 - a. Osterøytunet
 - b. Lonevåg Barnehage
 - c. Reinhald
3. LEIARSTØTTE
 - a. Tilby støtte til leiarane i forebyggjande sjukefråvær og i sjukefråværsamtalar.
 - b) Tydeleggjere meir kva moglegheiter vi har i kommunen rundt tilrettelegging.

4.3 Opplæringstiltak

Organisasjonen har ikkje ein felles kompetanseplan. Sektorane gjer vurderingar av naudsynt vidareutdanning innan sektoren. I sektor Helse, omsorg og sosial følgjer dette av kompetanseplan i sektoren. I sektor Oppvekst, undervisning og kultur blir kompetanseuke definert i hovudsak utifrå etter- og vidareutdanning jfr. føringar frå staten og med kompetanseløftet i skulen.

I 2021 er det planlagt vidare oppfølging innan dei kompetansetiltaka og digitaliseringstiltaka som blei gjennomført i 2020. Læringstiltaka er retta mot alle sektorane i kommunen innan:

- 10-faktor medarbeidarundersøking, meistringsorientert leiing, prosessleiing og målekort (utarbeiding av styrande mål for einingane) som ein del av Dialog Kafé
- Gjennomføring av medarbeidarsamtalar med Motivati
- Opplæring i rekrutteringsarbeid og intervjuteknikk
- Lovverk og fagspesifikke kurs
- Opplæring i IT system

I Helse, omsorg og sosial er det planlagt leiarutdanning ved høgskule/universitet for nye leiarar som ikkje har leiarfag som ein del av utdanninga.

4.4 Lærlingar

Osterøy vil pr. 01.01.2021 ha 8 lærlingar. I budsjett 2021 er der foreslått å avvikle kommunen som lærlingebedrift. Dete vil skje gradvis slik at lærlingar som har inngått lærekontrakt seinast hausten 2020, får fullføre læretida. Frå hausten 2021 er det ikkje budsjettert med nye lærlingar og lærlingordninga vil gradvis bli avvikla frå 2024.

4.5 Ikkje betalt lunsj

Kommunen har i dag ordning om betalt lunsjpause for tilsette. Dvs. at dei tilsette har ei arbeidstid på 7,5 timar pr. dag – 37,5 timar per veke (100% stilling) som inkluderer lunsj. I følge KS sine berekningar gir betalt matpause ei netto arbeidstid pr. veke på 35,5 timer, mot 37,5 timar for dei som ikkje har betalt matpause. Tilsette i administrative stillingar ved rådhuset har og ei særordning med sommar og vintertid vedtatt i heradsstyresak 36/87. Arbeidstidsordninga er no heimla i tariff for tilsette som har hatt ordninga.

Betalt/ikkje betalt matpause har vore gjenstand for diskusjonar i fleire samanslåtte kommunar. Kommunar har støtta seg på KS som er klar på at hovudregelen for kommunalt tilsette er 37,5 timar arbeidsveke utan betalt matpause. KS er no i arbeidsrettssak på vegne av kommunar der tilsette har mista den betalte matpausen. Dom ligg no føre og KS tapte saken.

4.6 Avvikle seniortiltak

Kommunen har plan for seniorpolitiske tiltak for å legge til rette for å halde på arbeidstakarar utover 62 år. Ordninga blei sist revidert i formannskap 12.12.2007. Ordninga skal gje ein økonomisk gevinst i form av sparde utgifter til avtalefesta pensjon, fordi den vert fullt ut betalt av arbeidsgivaren.

Ordninga gjev ulike tiltak deriblant lønsauke ved fylte 60 år. Den tilsette kan velje mellom bonus i høve til stilling når arbeidstakar sluttar ved fylte 63, 64 eller 65 år kr. 16.200 pr. år i 100% stilling, eller 8 ekstra fridagar kvart år for tilsette med meir enn 60% stilling frå 62 til 65 år.

I budsjett 2021 blir ordninga avvikla. Avvikling av ordninga vil gi innsparingar i form av lønsauke og bonus. I tillegg vil det gje fleire dagsverk pr tilsett som ikkje inngår avtale om seniorordning i frå 2021. Dei tilsette som har inngått avtale i 2020 får behalde ordninga som ei personleg ordning for inneverande avtaleperiode. Tilsette som tidlegare har fått lønsauke ved fylte 60 år beheld tillegget som ei personleg ordning.

4.7 Rekrutteringsutfordringar

Kommunen opplever utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til fleire stillingsgrupper. Særleg omhandlar dette leiarstillingar, rådgivarstillingar innan sektor samfunnsutvikling, prosjektleiarkompetanse, sjukepleiarar og annan helsefagleg kompetanse. Kommunen har utfordringar med å tiltrekke seg kvalifiserte tilsette til vakansar av fleire årsakar. Leiarløningar ligg noko lågare nokre stader i kommunen enn i andre nabokommunar til Bergen. Det vil i praksis sei at tilsette vil gå ned i løn ved å akseptere eit tilbod om nemnte stillingar i kommunen. Det har og vorte ein ubalanse i lønsnivå særleg leiarstillingar mellom sektorane som har utvikla seg gjennom seinare tilsettingar. Kommunen har imøtekome fleire lønskrav ved tilsettingar dei siste åra for å tilsette kvalifiserte søkjarar. Manglande sjukepleiarkompetanse er ei utfordringar for kommunen og landet generelt. Vi ser no ein auka konkurranse om sjukepleiarane i regionen og særleg mot Alver kommune, Bergen kommune og Helse vest. Kommunen vedtok i 2020 nye lønspolitiske retningslinjer som skal gje føreseielege føringar for korleis nyare kompetanse skal kompensast med løn. Kommunen må likevel arbeide vidare med å utjamne leiarløningar og utarbeide strategi for å tiltrekke kvalifiserte tilsette til noverande og framtidige vakante stillingar.

5. BUDSJETT 2021 PR SEKTOR


5.1 Ansvar 2 SEKTOR RÅDMANN OG STAB

5.1.1 Innleiing

Rådmann og stab skal serve heile kommunen, både internt i organisasjonen og eksternt. Rådmann og stab er sjølve ryggrada i kommunen og all anna aktivitet er avhengig av at det er nok kapasitet her.

Dersom ikkje rådmann og stabane klarer å vere ajour går det ut over både intern drift og service ovanfor politiske organ og publikum. Publikumsmottak, kontaktsenter, postlister, lønsutbetalingar, budsjett og rekneskap, avvikling av politiske møter er berre nokre av oppgåvene som ligg til dette tenestekområdet.

5.1.1.1 Organisasjonskart 2020



5.1.1.2 Budsjett 2021

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
105 HR	5 967	7 098	1 021	6 077
1051 Lærling	1 000	1 273	231	1 042
1055 IKT	9 968	10 320	250	10 070
110 Service, informasjon og dokument	6 637	7 531	450	7 081
111 Politisk sekretariat	5 960	6 894	40	6 854
200 Økonomi	5 658	5 138	120	5 018
700 Rådmann	3 965	4 458	-	4 458
Innsparing ikkje fordelt			894	- 894
Totalt 2 Rådmann og Stab	39 155	42 712	3 006	39 706

5.1.2 HR

5.1.2.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
105 HR	5 967	7 098	1 021	6 077
1051 Lærling	1 000	1 346	231	1 115

Handlingsrom innanfor rammene:

- Eininga reduserer med 1 årsverk. Oppgåver innan løn, personalforvaltning, digitalisering og arbeid med å setja i verk budsjettkutta i tenestene må prioriterast.
- Framskrivning etter innsparing gjeld auke i utgifter til personalforsikring for alle tilsette i organisasjonen og kompetansemidlar for leiarutvikling i 2020/2021.
- Låge rammer til kjøp av tenester frå bedriftshelsetenesta gjev lite handlingsrom til å imøtekome ønsker om andre helse, miljø og tryggleik tiltak utover lovpålagte tenester.
- Lærlingar som har inngått lærekontrakt i 2019 - 2020, får fullføre læretida og gjennomføre fagprøven som planlagt. Det er ikkje lagt inn i budsjetttramma å erstatte lærlingar som fullfører fagbrev.

5.1.2.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Krav frå Hovudverneombud om å auka stilling frå 20% til minimum 50% blir ikkje imøtekome	Mindre involvering og deltaking i overordna prosessar. Mindre oppfølging av verneomboda i tenestene. Årsverk vidareført som i 2020
Reduksjon av 1 stilling HR	Drifts- og utviklingsoppgåver må overførast sektorane, mindre leiarstøtte til einingane og førebyggjande sjukefråværsarbeid, reduksjon og avvikling av arbeid med forvaltning, prosjekt, organisasjonsutvikling og leiarutvikling.
Kutte i kompetansemidlar/ Organisasjonsutviklingsmidlar (år 2022)	Kompetansetiltak med eksterne partar må dekkast i sin heilskap av OU-midlar
Avvikling av lærlingeordning	Ingen nye lærlingeplasser frå 2021.

Hovudverneombod har søkt om auka stilling dei siste to åra. Siste søknad utgjer auke frå 0,2 årsverk i 2020 til 0,5 årsverk i 2021. Den tilsette har hatt vervet sidan 2015. Organisasjonen har fleire utval og oppgåver som Hovudverneombud er medlem i. Ressursen er liten for å ivareta arbeidet og følge opp dei 18 verneomboda i einingane. Konsekvens av å ikkje auke stillinga må handterast ved å gjennomgå kva utval og arbeidsoppgåver Hovudverneombod skal involverast i og kva verneomboda i einingane/tenestene skal utføre.

HR eininga har i dag 5 årsverk og utfører strategisk utvikling, rådgjeving, system og forvaltningsoppgåver på vegne leiarane og tilsette i heile organisasjonen. Eininga er ein sentralt part for å ivareta heilskapleg praktisering og utvikling av kommunen. Oppgåvene er delt mellom organisasjonsutvikling, leiar og medarbeidarutvikling, systemutvikling/digitalisering, ulike utval, personalforvaltning og lønsarbeid. Reduksjon av 1 årsverk fører med at eininga må gjennomgå og tilpasse kva støtte, utvikling og digitaliseringsoppgåver som kan gjennomførast på vegne av leiarane og organisasjonen, og kva utviklings- og forvaltningsoppgåver som må overførast til leiarane eventuelt avsluttast. Reduksjon av eit årsverk vil medføre ei større belastning/meirarbeid for leiarene i dei ulike einingane og redusere samla organisasjonsutviklingsarbeid. Nokre av oppgåvene i eininga kan digitaliserast og effektiviserast over tid.

Kommunen ha dei siste åra fokusert på å byggje stødige, kompetente og meistringsorienterte leiarar. Kompetanseauken har vore delt mellom interne og eksterne utviklingsprogram. Kommunen har inngått avtale med eit eksternt leiarutviklingsprogram i prosessleing i 2020. Programmet blei etablert for å byggje kunnskap hos leiarane for å imøtekome dei utfordringane som kjem som følge av omorganisering og nedbemanning i 2021 og åra framover. Summen utgjer om lag kr 360 000, og er ein eingongssum i kombinasjon med organisasjonsutviklingsmidlar frå KS (OU midlar). Desse budsjettmidlane blir forslått saldert i budsjett 2022. Organisasjonen vil då i åra framover berre kunne inngå kompetansebyggingsprogram som er dekkja av OU midlar i si heilskap.

Lærlingeordninga er i dag samla under HR. Totalt tilbyr kommunen lærlingeplass til 8 lærlingar i 2020. Det er lågt samanlikna med nasjonale tal og prognosar. Utgiftene til lærlingane endrar seg i tråd med auke i verdiskapningsdelen, dvs. kor mykje andel av stillinga som er læring versus sjølvstendig arbeid. Det betyr at utgiftane til lærlingane endrar seg kvart år avhenging av kor langt lærlingane er komne i utdanningsløpet. Kommunane er ein viktig organisasjon for å tilby lærlingeplass. Det er og ei satsing frå regjeringa og kommunesektoren sin interesseorganisasjon (KS) i 2020 og dei komande åra. Det er uheldig med omsyn til utdanning av nye barne- og ungdomsarbeidarar og helsfagarbeidarar at dei ikkje får eit slikt tilbod i kommunen. Særleg gjeld dette helsefag, der nasjonale tal viser at nasjonen vil mangle helsearbeidarar i framtida.

Fem lærlingar gjennomfører dei siste åtte månadane av læretida i kommunen i 2021. Det gir auka kostnader då dei blir løna på høgaste prosentsats (80% av fagarbeidarløn), og dette er årsaka til framskrivninga for 2021. Innsparinga blir gjennomført ved at ein ikkje erstattar dei lærlingane som avsluttar læretida sommaren 2021. Det betyr at kommunen avslutter lærlingaordninga gradvis når fleire lærlingar fullfører læretida. Innsparinga vil vere om lag kr 230 000 i 2021, kr 1 200 000 i 2022, kr 400 000 i 2023 og kr 40 000 i 2024, før alle lærlingane har avslutta si lærekontrakt. Tilsvarende vil utgiftene i same periode, etterkvart som lærlingane avslutter si lærekontrakt, vere om lag kr 1 150 000 i 2021, kr 350 000 i 2022, og kr 40 000 i 2023. Kommunen tilbyr ikkje nye læreplassar etter hausten 2020 i budsjettframlegget.

5.1.2.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Det er ikkje etablert utviklingsmål for eininga i 2021. Arbeidet til eininga vil primært omfatte driftsoppgåver innan løn og personalforvaltning, digitalisering og bistand/arbeid med å setja i verk budsjettkutta i tenestene.

5.1.3 Stab, støtte og utvikling - IKT

5.1.3.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
1055 IKT	9 968	10 320	250	10 070

Handlingsrom innanfor rammene:

- Eininga har ei auke i framskriving grunna større kostnader knytt til ikt-drift og programvarelisensar.

5.1.3.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Redusere budsjettpost for IKT-lager	Mindre utstyr i beredskap for ikt-utstyr som blir øydelagt.

5.1.3.3 Utvikling av tenesteomådet i 2021

- Overordna plan for jevnleg oppgradering og utskifting av IKT-utstyr.
- Einheitleg plan for telefoni i kommunen.
- Oppgradering av møterom til videokonferanserom.

5.1.4 Stab, støtte og utvikling - Service, informasjon og dokument

5.1.4.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
110 Service, informasjon og dokument	6 637	7 531	450	7 081

Handlingsrom innanfor rammene:

- Det er tilsett ny leiar for eininga og auke i framskriving skuldast auke i lønnskostnader.
- Reduksjon med 1 årsverk i servicesenter. Dette er ei midlertidig stilling ein har hatt sidan mai i år ifbm. koronautbrotet då informasjonsbehovet var stort og ein har hatt utvida opningstid på telefon.
- Generelt er ein i dag på eit minimum når det gjeld bemanning på avdelinga som gjer ein sårbar ved fråvær. Dette går ut over tjenesteproduksjonen elles i kommunen om saker ikkje vert registrert eller anna arkivbehandling uteblir.
- I 2020 blei det inngått ei ny avtale om elektronisk depot som blant anna sikrar at uttrekk vert lagra i KDRS sitt digitale sikringsmagasin samt vil redusere dei årlege kostnadane noko.

5.1.4.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Viderefører ikkje midlertidig stilling i servicesenteret.	<ul style="list-style-type: none"> - Lågare servicegrad på telefon - Ein er meir sårbar ved fråvær og vil trenge bistand frå dokumentssenteret.

5.1.4.3 Utvikling av tenesteomådet i 2021

Prosjekt for å få eit felles kontaktsenter for samarbeidskommunane i Nordhordland. Målet er å kunne yte betre service til innbyggjarane ved å kunne svare meir ut i førstelinje, samt dra nytte av eit større interkommunelt nettverk som vil gjere tenesta mindre sårbar.

5.1.5 Stab, støtte og utvikling - Politisk sekretariat

5.1.5.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
111 Politisk sekretariat	5 960	6 894	40	6 854

Handlingsrom innanfor rammene:

- 2021 er eit valår og kostnadane på denne einiga vil difor auke pga. bl.a anskaffing av nødvendig materiell for valavvikling. Kostnadene knytt til valet er kr 781 000.
- Eit tiltak til innsparing er endring av abonnementstype for Kommunal Rapport for dei folkevalde.

5.1.5.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Endre til digitalt abonnement på kommunal rapport.	Får ikkje kommunal rapport i papirutgåve

Ein ser at ein vidare kan redusere kostnader på einiga med mellom kr 150 000 til 200 000 ved å redusere antall representantar i Heradsstyret og i Formannskapet.

Ved reduksjon av representantar i Heradsstyret frå 30 til 19 (minstekrav i Kommuneleva kap 1. §7) vil ein få ei innsparing på mellom kr 100 000 til 150 000. Ved reduksjon av antall representantar i Formannskapet frå 9 til 5 (minstekrav i Kommuneleva kap 1. §8) vil ein få ei innsparing på ca. kr 53 000.

5.1.5.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Gjennomføring av stortingsvalet i 2021

5.1.6 Økonomi

5.1.6.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
200 Økonomi	5 658	5 138	120	5 018

Handlingsrom innanfor rammene:

- Økonomikontoret har fagansvaret for rekneskap, budsjett og økonomistyring. Dette inkluderer ansvar for fakturering, fakturabehandling, finansforvaltning og eigedomsskatt. I tillegg bruker økonomikontoret mykje av tida på bistand og oppfølging av alle einingane i kommunen i saker som gjeld økonomi.
- Det er i 2021 budsjettert med dei stillingar vi har pr i dag dvs 5,1 årsverk. Bemanninga er knapp og ein er sårbar i høve til sjukdom
- Utgifter til felles Kemner med Alver kommune er tatt bort i 2021 då Skatteetaten har overtatt denne funksjonen frå november 2020. Dette medfører lågare utgifter for økonomikontoret, men desto lågare midler på rammetilskotet ettersom staten overtar desse oppgåvene.

5.1.6.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Bli endå meir digitalt i 2021 og mål om å bli papirløst	Vil effektivisere drifta som kan gje noko lågare lønnskostnader.

Det er gjort mykje med digitalisering på økonomikontoret siste åra, men gjenstår noko på e-ordre, e-bilag og sikre at alle inngående faktura kjem som EHF.

5.1.6.3 Utvikling av tenesteomådet i 2021

Jobbe med å ta i bruk ny teknologi og utnytte alle program maksimalt. Ved å gjere økonomikontoret papirløst, må einingane gjere noko meir sjølv og ein må lære opp einingane i dette arbeidet.

5.1.7 Rådmann

5.1.7.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
700 Rådmann	3 965	4 458		4 458

Handlingsrom innanfor rammene:


- Det er berre lagt inn midlar til løn for rådmann og faste utgifter/overføringar. Mykje av dei eksterne samarbeida gjennom regionrådet, kjøp av tenester og tilskot vert ført på dette tenestområdet. Driftsutgifter er halde på eit absolutt minimum.
- Rådmann sine gåver er gitt i kommunelova. Rådmann skal sjå til at saker som skal handsamast i politiske organ er skikkelig utgreidd, og at det som er vedtatt vert iverksett.
- Rådmann er den øvste administrative leiaren for den kommunale organisasjonen. Ho skal syte for at Osterøy kommune utviklar seg og vert driven i samsvar med lover og reglar og dei politiske vedtak som er fatta. Det er rådmannen sitt ansvar at heradsstyret og andre kommunale politiske organ får gode og gjennomarbeida faglege utgreiingar som grunnlag for dei vedtaka dei gjer. Rådmann har ansvar for at politiske vedtak vert sett ut i livet på ein god måte.
- Rådmann skal vidare leggje til rette for dialog med og involvering frå innbyggjarane. Rådmann skal sjå til at sektorane og einingar er godt og effektivt organisert innanfor vedtatte budsjettrammer og sikre at dei tilsette har gode arbeidsforhold og medinnflytelse.
- Rådmann har ei viktig oppgåve i å representere Osterøy kommune ovanfor viktige samfunnsaktørar i kommunen, i Nordhordland- og Bergens regionen og heile Vestland. Saman med andre kommunar vil rådmann også ha kontakt med statlege mynde og andre relevante nasjonale miljø om utviklinga for kommunesektoren.
- Det er krevjande å skulle fylgje opp stabar og sektorar, politiske organ, interkommunalt samarbeid og anna ekstern kontakt med eit årsverk. Alle skal ha ein bit av rådmann og det er ofte vanskeleg å planleggje dagen. Ofte må eg avvise folk av di kapasiteten ikkje strekk til.

5.2 Ansvar 3 SEKTOR OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR

5.2.1 Innleiing

Sektor for oppvekst utfører tenester til barn og unge i kommunen. Det er eit mål at alle barn og unge skal kjenne seg inkluderte i trygge og gode oppvekstvilkår. For at dette arbeidet vert godt må ein koordinere innsatsen i heim, barnehage og fritid. Dei ulike tenestene i oppvekst må arbeide systematisk med tidleg innsats som er målretta ut frå barnet sine behov.

5.2.1.1 Organisasjonskart 2020



5.2.1.2 Budsjett 2021

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Felles	0	-	-	-
Skule	102 200	100 993	1 975	99 018
Kultur og mangfald	8 835	9 985	1 659	8 326
Barnehage	68 850	68 047	1 249	66 798
Familiens hus	30 650	32 064	2 220	29 844
Strukturrendring med oppvekststun i Fotlandsvåg og Haus			1 600	- 1 600
Sektor Oppvekst, undervisning og kultur	210 535	211 089	8 703	202 386

5.2.1.3 Generelt om sektoren, utfordringar og aktivitet

Sektor for oppvekst, undervisning og kultur har ansvar for kommunen sitt arbeid med barn og unge. Frå fødsel følg helsestasjonen opp og har konsultasjonar, helsekontrollar og rådgjeving til nye foreldre. 340 barn får eit tilbod i kommunale barnehagar; 110 barn får eit tilbod i private barnehagar. Eit godt pedagogisk arbeid er viktig for at barna skal utvikle seg tilfredstillande i eit helsefremjande miljø. Dei kommunale skulane gjev eit godt skuletilbod til dei 827 elevane som går i dei kommunale skulane. Hjelpetenestene i Familiens hus gjev støtte til sårbare barn og familier. Kulturavdelinga sine tilbod til barn og unge gjennom ungdomskoordinator, biblioteket og kulturskolen. Osterøy integrerings og læringscenter gjev tilbod om kvalifisering av vaksne gjennom grunnskule, norskopplæring og introduksjonsprogram for vaksne med behov for dette. Saman gjer tenestene innanfor oppvekst undervisning og kultur eit godt tilbod til barn og unge slik at dei kan utvikle seg i eit trygt og helsefremjande miljø.

5.2.2 Felles Oppvekst, undervisning og kultur

5.2.2.1 Handlingsrom innanfor rammene

Handlingsrom innanfor rammene:

- Sektor for oppvekst skal levere forsvarlege tenester innanfor dei gitte rammene. For å utvikle tenestetilbodet må ein heile tida ha fokus på trygge oppvekstmiljø der læring og utvikling står sentralt. Tenestene må samhandle og vere tilstrekkeleg koordinert, systematisk og målretta. For at kommunen skal utvikle tenestene må ein ha god leing i alle einingar, slik at brukarane får dei beste tenestene ut frå rammene som ligg til grunn
- Oppvekstvilkåra for barn og unge må vere trygge og gode både i barnehage, skule, heim og fritid. Tenestetilbodet må difor vere tilstrekkeleg koordinert, systematisk og målretta der ein får riktig hjelp tidleg.
- Det ein naturleg nedgang i barnetalet som kjem inn i barnehagane. Dette medfører at tenestetilbodet har ein naturleg reduksjon og ein må vurdere strukturen når ein ser innsøking til barnehagane for hausten 21.
- Det er eit potensiale til å auke inntektene i SFO. Aukar ein brukarbetalinga med kr 200 pr barn vil inntektene stige med kr 365 000 i året.
- For at tilbodet skal vera godt til alle innbyggjarane, ser rådmannen at det er rom for nokre strukturelle grep innanfor skule og har vurdert elevtalet på skulane. Det er kapasitet til å gjere om Fotlandsvåg- og Haus skule til oppveksttun og flytte 5.-7 trinn ved desse skulane til Lonevåg. Innsparinga ved dette gjer at ein kan spare 3 klassar dei neste 3 åra. Elevtalet i Lonevåg er synkande og innsparinga kan verte større etter kvart.

5.2.2.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Gjere om til oppveksttun på Fotlandsvåg – og Haus skule	Barnehage og 1.- 4 trinn kjem tettare saman. Ein kan nytte delar av skulebygningen til barnehage. Skulen på oppveksttunet får mindre personell og kanskje vanskar med fagkompetanse til enkeltfag. 5.-7. trinn må reise til Lonevåg, nokre får lang reise. Kan føre til at fleire vel private skular
Redusere overtid	Oppgåver vert ikkje gjort tidsnok

5.2.3 Eining Skule

5.2.3.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskriving 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Skule	102 200	100 993	1 975	99 018

Handlingsrom innanfor rammene:

- I framskrivinga er det trekt ned dei innsparingane som er gjennomført i 2020. Framskrivinga syner ei vidareføring av den drifta vi har i dag.
- Eit ytterleg nedtrekk på 4 undervisningsstillingar med verknad frå 01.08.21 vil få heilårsverknad i 2022.

5.2.3.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Reduksjon av 4 årsverk	Mindre av tilpassa opplæring og tidleg innsats. Kan føre til meir spesialundervisning på sikt.
Auka brukarbetaling for barn i Skulefritidsordning	Auka utgifter for familiane med kr 2 200 pr år Kan føre til at barn sluttar tidlegare på SFO.
Gjere om Fotlandsvåg skule og Haus skule til oppveksttun. Flytte elevane til Lonevåg skule.	Sjå eiga saksutgreiing vedlegg 2

5.2.3.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Mål	
1	Grunnskulepoeng Alle elevar skal gå ut av grunnskulen med meir enn 35 grunnskulepoeng.
2	Nasjonale prøver - lesing Færrast mogeleg elevar på mestringsnivå 1 på 5.trinn og mestringsnivå 1 og 2 på 8. og 9.trinn.
3	Nasjonale prøver - rekning Færrast mogeleg elevar på mestringsnivå 1 på 5.trinn og mestringsnivå 1 og 2 på 8. og 9.trinn.
4	Digitale hjelpemiddel Elevmaskiner: Barnetrinnet: 1:1 Chromebooks 5.-7.trinn 1:2 Chromebooks 3.-4.trinn Ungdomstrinnet: 1:1 pcar Digitale tavler i alle klasserom. Utstyr til programmering – klassesett med super:bit
5	Læringsmiljø Utvikle positive læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Fagfornyninga som er innført frå 01.08.20 i grunnskulen, stiller store krav til endra undervisningsmetoder i heile grunnskuleløpet. Dette stiller krav til nytt undervisningsutstyr, samt ny digital kompetanse til undervisningspersonalet

5.2.4 Eining Kultur og mangfald

5.2.4.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Kultur og mangfald	8 835	9 985	1 659	8 326

Handlingsrom innanfor rammene:

- Innanfor ansvarsområdet til Kultur og mangfald finst det ein del tilskotsmidlar å søke på. Desse varierer frå år til år, og gjev oss ein usikker budsjettsituasjon. Eininga fokuserer per i dag på å kome i forkant av tilskotsordningane. Det er utfordrande å handtere med manglande kapasitet til å følgje opp og til å skrive søknader på aktivitetar som er tilskotsbasert.
- Budsjettet er laga på grunnlag av erfaringstal frå tidligare år, og det heftar usikkerthet ved tala.

5.2.4.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Budsjettere med usikre inntekter (flyktningar, sponsormidlar, andre tilskotsmidlar, bruk av fond)	Avhengig av faktorar utanfor kommunen sin kontroll. Budsjettet er gjort med grunnlag i erfaringstal, og det er stor usikkerhet knytta til dei.
Stillingar i vakansar og reduksjon av årsverk ved hjelp av naturlege avgangar	Redusert tilbod. Einingane slit med å gjennomføre lovpålagte oppgåver, spesielt knytta til biblioteksdrift, kultur og idrett. Biblioteket har ansvar for skulebibliotek. Grunna vakansar vil her mest truleg bli lovbrøt.
Reduksjon av driftsbudsjett	Eit ekstremt stramt driftsbudsjett vil skape eit stort etterslep på sikt.

5.2.4.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

	Mål
1	Biblioteket: Auke tal aktive ungdomslånarar frå 40 % til 65 %
2	Kulturskulen: Auke andelen av grunnskuleelevar som går i kulturskulen frå 21 til 25 %
3	Osterøy integrerings- og læringssenter (OIL) : Innføre individualisert IP for 100 % av elevane ved OIL, med plan for norskkurs/ skule/utdanning/arbeid.
4	Mottak og prosjekt: Utarbeide kartleggingsmalar for å gjennomføre individualisert og konkretisert mottakskartlegging
5	Ungdomsrådet (UR) og -koordinator (UR) : UR og UK skal saman ta initiativ til minimum 1 aktivitet.
6	Kultur, idrett og friluftsliv: Auke samarbeidet på tvers av lag, organisasjonar og kommunale einingar gjennom å skape 2 felles møtepunkt

5.2.5 Eining Barnehage

5.2.5.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Barnehage	68 850	68 047	1 249	66 798

Handlingsrom innanfor rammene:

- Det er ein nedgang i tal barn 1-5 år som skuldast nedgang i fødsjar og mindre tilflytting til Osterøy. Dette vil igjen medføre ein nedgang i tal barn som etterspør ein barnehageplass frå hausten 2021.
- Barnegrupper og bemanning vil frå hausten 2021 bli dimensjonerte ut frå behov, etterspurnad og retten til ein barnehageplass. Endeleg trong for tal barnehageplassar og tal tilsette vert endeleg avklart etter søknadsprosessen er ferdig våren 21. Bemanningsnorm og pedagognorm skal gjelde og ein vil leggje det til grunn for korleis dette vil sjå ut i dei ulike barnehagane.

5.2.5.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Endre søknadfrist for hovudopptak til 15. febr. (krev endring i vedtekter).	Viktig med god info til føresette snarast råd er.
Barnehagsatsar er auka i tråd med sentrale føringar Bortfall av 4 dg plass gjeldande frå 1.08.21.	Makspris Meir effektiv og betre utnytting av barnehageplassar.
Tiltak knytta til barn med særlege behov er vidareført. (barnehagelova § 19a og 19g)	7.9 årsverk
Reduksjon i pedagogiske leiarar. Ein gjer om pedagogisk leiarstillingar til barnehagelærarstillingar.	Kan føre til vanskar i rekruttering av nye barnehagelærarar.

5.2.5.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Mål: Tenesteområde Barnehage	
1	Barnehagane skal skape eit utviklande språkmiljø for alle barn.
2	Alle skulestartarar skal ha ein god overgang frå barnehage til skule/SFO
3	Alle styrarar/pedagogisk personale skal ha relevant utdanning

	Opplevd kvalitet (Foreldreundersøkelsen Udir 74.4% svar)	Landet 2019-20	Osterøy 2019-20	2021
1	I kva grad opplever føresette at barnehagen legg til rette for sitt barn si språkutvikling?	4.6	4.7	5.0
2	Føresette er nøgde med korleis barnehagen førebur borna til skulestart	4.3	4.5	5.0
3	Føresette er nøgde med korleis barnehagen tek i vare borna sin tryggleik	4.8	4.7	5.0
4	Føresette opplever å ha en god dialog med barnehagen om sitt barn si utvikling	4.5	4.5	5.0
5	Føresette har inntrykk av at borna har vener i barnehagen	4.7	4.7	5.0

5.2.6 Eining Familiens hus

5.2.6.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Familiens hus	30 650	32 064	2 220	29 844

Handlingsrom innanfor rammene:

- Strukturen som er etablert i Familiens hus ver opplevd som tenleg. Kommunestorleiken tilseier at det er avgjerande med strukturelle koordinerte tenester for å kunne tilby innbyggjarane teneste av forsvarleg fagleg kvalitet. Dei siste åras drift av Familiens hus har vist at organiseringa gjev effekt både på tverrfagleg samarbeid og kvalitet.
- Ungdata undersøkinga og kommunebarometer viser at kommunen står ovanfor komplekse utfordringar for barn og unge som skal løysast. Det er behov for eit kompetent koordinert fagmiljø som kan bistå i dette arbeidet.
- Det vert lagt fram eit framlegg om å redusere Barn og Familieteamet med 1 årsverk, og at leiar for Familiens hus i første omgang vert konstituert. Det vil gje innsparing, og samtidig sikre kontinuitet og framdrift.
- Vidare vil ein ha mogelegheit til utleige av psykologressurs, i alle fall 50 % med halvårsvirkning. Innsparinga er mogeleg – men vil gje negative konsekvensar for tilbodet til sårbare born. Kommunen er med i prosjekt med Nordhordlandskommunane om samarbeid om psykologtenester.
- Utover dette er det redusert framskriving barnevern/plasserte barn med kr 600 000, og inntjening vakante stillinger/sykemeldinger med kr 400 000.

5.2.6.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Reduksjon av Barn og Familieteamet	<p>Barn og Familieteamet har 5,5 årsverk, kor 1,2 er dekket av tilskotsmidlar. 2 stillingar jobbar med hjelpetiltak gjennom barneverntenesta, som ved eit kutt i denne tenesta gjev auka utgifter då desse tiltaka må kjøpast eksternt.</p> <p>Lovendring innan barnevernfeltet (barnevernsreformen) som trer i kraft frå 2022 sett krav til utvida kommunale hjelpetiltak for familiar med behov for tiltak. Det blir også krav om auka tidleg innsats for å hindre at familiar får behov for hjelp frå barneverntenesta. Ein reduksjon for 2021 vil tappe tenesta for kompetanse som ein vil måtte byggje opp igjen neste år. Tenestene tilbyr i tillegg til lågterskel hjelp til barn og familiar, utstrekt rettleiing til barnehage og skule, gjennomføring av Wisc testar for PPT, leiar kommunens konsultasjonsteam og er leverandør av mange av tiltaka som er administrativt og politisk bestemt i oppvekstplan. I tillegg vert eit auka tal saker med høg kompleksitet sent tilbake til teamet frå Barne og ungdomspsykiatri. Ein reduksjon av denne tenesta vil gjere at mykje av dette må avviklast.</p>
Vakansar, ikkje vikar ved sjukefravær	Einingane utset å erstatte tilsette ved vakansar/sjukefravær og likevel oppretthalde forsvarleg drift.
Redusert framskriving barnevern	Dette er ei framskriving etter dagens prognose, men fare for budsjettoverskridelse på denne posten.

5.2.6.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Mål: Tenesteområde Familiens hus	
1	Barnevern: Undersøkingar skal gjennomførast innan 3 månader. Mål: 95%.
2	PPT: Barnet si stemme skal koma fram i alle sakkunnige vurderingar gjennom barne- og elevsamtale, samt gjennom observasjon/samtale med føresette der det ikkje lar seg gjere med samtale. Mål: 100%.
3	Helsestasjon: Fleire ungdommar mellom 13 og 20 år skal bruka helsestasjon for ungdom (HFU). Auke skal vere på 25% frå 2020 til 2021.
4	Barn og familieteamet: Av dei som tek kontakt med psykolog og dropp inn i skule skal talet gutar vere 30%. Svært lågt tal i dag.

5.3 Ansvar 4 SEKTOR HELSE, OMSORG OG SOSIAL

5.3.1 Innleiing

Kommunen har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helse-, omsorgs- og sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose.

5.3.1.1 Organisasjonskart 2020



5.3.1.2 Budsjett 2021

Tal i 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskriving 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
400 Felles helse, omsorg og sosial	3 104	2 922	1 525	1 397
410 Helsetenester	25 740	28 269	600	27 669
430 NAV	12 394	14 378	1 500	12 878
501 Osterøytunet	58 846	58 425	1 375	57 050
502 Heimetenesta	41 744	49 228	1 768	47 460
503 Psykisk helse og rusomsorg	14 818	16 268	1 785	14 483
505 Bu- og avlastningstenesta	57 001	59 413	1 600	57 813
Sektor Helse, omsorg og sosial	213 647	228 903	10 153	218 750

5.3.1.3 Generelt om sektoren, utfordringar og aktivitet

Utvikling i sektoren

Det er vedtaka og vedtakstimane som som er grunnlaget for tenestene vi skal tilby brukarane våre. Variasjonen er stor frå år til år, og sektor helse, omsorg og sosial har i 2020 hatt ein stor auke i vedtakstimar i alle einingar. Som døme kan vi vise til at talet vedtakstimar i Heimetenesta har auka frå 754 pr 31.12.19 til 841 pr 31.10.20. Dette utgjer 2,4 årsverk. I 2020 har tilsaman 243 årsverk gitt pleie- og omsorgstenester til innbyggjarane i Osterøy kommune.

Brukarane sine utfordringar og behov har vorte meir komplekse, og krev i mange tilfelle stor grad av samhandling på tvers av avdelingar, einingar, sektor og forvaltningsnivå. Vi ser ei slik utvikling i tenestebehovet:

- Del eldre over 90 år med store omsorgsbehov aukar.
- Det same gjeld aldersgruppa 0-18 som ofte er meir kompleks i sitt tenestebehov, og dagen kan vere delt mellom heim, skule, SFO og oppfølging av spesialisthelsetenesta.
- Vi har ein auke i brukarar med omfattande behov for helse- og omsorgstenester i alle aldrar
- Endringar i lovverket knytt til tenester for menneske med psykiske lidningar medfører auka oppfølgingsbehov i tenesta

Det ligg ei forventning frå staten at kommunane skal vere heilskaplege i sitt tenestetilbod. Gjennom ulike satsingsområde har kommunane fått tilført stimuleringsmidlar for å utvikle kvalitet og kapasitet i tenestene. Utfordringa kjem når trong økonomi gjer at vi må skjere ned i etablerte tilbod for å møte krav til nye. Dette gir uforutsigbare tenester for innbyggjarane.

Satsingsområde

Hovudområda for *Fremtidens primærhelsetjeneste* er auka kompetanse, betre leiing og teamorganisering. Krav til samhandling, dokumentasjon, planverk og utviklingsarbeid som skal inkludere både brukarar, pårørande og tilsette, har medført ein markant auke i oppgåver i alle einingar.

For å møte desse krava, må vi endre på måten vi tilbyr tenester på. Spesielt tenkjer vi at vi har mykje og hente på å implementere kvardagsrehabilitering som metode. Vi har ikkje klart å frigjere lønsmidlar til prosjekt i budsjett 2021, og vil omdisponera ressursar til dette i starten av året. Målet er å hjelpe brukarane slik at dei i størst mogeleg grad unngår å bli avhengige av våre tenester, og vi får frigjort kapasitet til andre oppgåver. Budsjettet sikrar auke i kapasiteten knytt til å realisere Omsorg+, i tillegg til å ha eit overordna oppsyn med ulike prosjekt som pågår i sektoren.

Helseberedskap har vore eit viktig tema i 2020, med utgangspunkt i den pågåande pandemien. Vi har i budsjettet diverre ikkje funne rom for å prioritere smittevernlegevikar for kommuneoverlegen. Dette må innarbeidast i Plan for legetenesta, som er meldt inn i planstrategien som skal gjelde frå 2021. Ny fastlegeheimel og vidareføring av LIS-lege 1 gir auka kapasitet i legetilbodet.

Velferdsteknologiprojektet (No Vestlandsprosjektet) held fram i 2021, og vi samarbeider med dei andre kommunane i IKT-samarbeidet om ei organisering der vi sikrar overgang frå prosjekt til drift. Vi har ikkje sett av midlar til dette arbeidet i 2021. Vi ser at manglande ressursar gir store utfordringar, men engasjementet til dei tilsette er godt - noko vi tenkjer er heilt nødvendig for å få implementert

teknologi til nytte for våre brukarar. I 2020 har vi kjøpt inn noko teknologi som er under utprøving, og meir blir tatt i bruk i 2021.

Kvalitet og pasienttryggleik er sentralt i statleg politikk for sektoren. Arbeid med internkontroll er vesentleg for å fylle desse krava. Det er stilt krav til jamnleg kvalitetsmåling, måling av pasienttryggleik og av pasienterfaringar. Sektoren har dei siste åra ikkje hatt høve til å prioritere dette arbeidet. Siste brukarundersøking var i 2016. Vi vurderer å nytte noko ekstravaktmidlar til å frikjøpe denne ressursen ved behov, noko som vil gå ut over ordinær drift.

Leiarkapasitet, rekruttere og behalde

Rekruttering er for HOS eit stadig meir utfordrande område, spesielt når det gjeld sjukepleiarar og leiarar, jf 4.1. Tenestene har eit svært stort leiarspenn, enkelte avdelingsleiarar har ansvar for dobbelt så mange tenestestader som dei det er naturleg å samanlikne seg med. Vi ender ofte opp med avdelingsleiarar som blir sett til uforsvarleg stort omfang av oppgåver, og etter eit generasjonsskifte er dei no fleire med liten eller ingen leiarerfaring. Oppå denne krevjande situasjonen for ein ny og uerfaren leiar, gir vi samstundes «pålegg» om å ta utdanning på sida. Vi ser at utviklinga her er svært uheldig.

Trass i at vi har auka med tre nye avdeingsleiarar i pleie- og omsorg siste 3 åra, har leiarane ansvar for 40-60 tilsette. I tillegg kjem vikarar. Slik vi ser det, har vi flytta oss godt forbi streken for kva dette leiarleddet kan klare å handtere. Leiarar med døgndrift er kun til stades i 23% av alle timar per veke. Med så mange tilsette klarer ikkje avdelingsleiar å ivareta den enkelte medarbeidar på ein god og tilfredsstillande måte. Leiing er også nødvendig for å skape endring, noko som krev både kompetanse og kapasitet. Det er mykje bruk av overtid hjå avdelingsleiarar og einingsleiarar, og dette har auka dei siste to åra. Det er kome melding frå leiarane om høg grad av slitasje, og fleire melder at dei ikkje vil kunne stå i desse stillingane særleg mykje lenger. Med ny avdelingsleiar på Osterøytunet og ny avdelingsleiar i BuA i 2021 vil vi betre situasjonen noko, men det er verdt å merke seg at tross auken har sektoren framleis avdelingane med flest tilsette i kommunen.

Det har dei siste åra ikkje vore midlar til kompetanseheving i sektoren, utover det vi får frå fylkesmannen. Dette gjer det utfordrande å møte forventningane som ligg i *Fremtidens primærhelsetjeneste*. Kombinert med lønsnivået vårt vil vi heller ikkje klare å rekruttere tilstrekkeleg kompetanse frå nærliggande kommunar. Løysinga for å sikre nødvendig sjukepleiekompetanse blir då vikarbyrå. Sektoren vil i 2021 arbeide med årsturnus og kontinuerleg fokusere på optimal organisering, vi håper dette vil bidra til betra rekruttering.

Regionalt samarbeid

Sektoren er avhengig av eit tett og godt samarbeid med dei andre Nordhordlandskommunane for å få gjennomført pålagde satsingsområde og oppgåver. Døme på dette er interkommunal legevakt, ØHD-tilbod, fag- og tenesteutvikling i det nye Helsehuset i Knarvik, utvikling av felles psykologtilbod, velferdsteknologiprogrammet, undervisning, planarbeid, utvikling og revisjon av tenesteavtalar med helseforetaket mm. Dette arbeidet krev kapasitet og merksemd, og det er håp om at frigjering av nestleiar kan gjere at sektorleiar i større grad kan ta del i arbeidet med å sikre Osterøy kommune sine interesser innan desse områda.

Ny ramme 2021: Kr 218 750 000

Budsjettet er med tiltaka som er vist i handlingsplanen under kvar eining, redusert med kr 10 100 000 i høve framskrivingsbehova. I store trekk er reduksjonen gjort ved å ikkje imøtekome skisserte behov. Dette gir jamnt over ein svært stram driftssituasjon i heile tenestetilbodet. Det ligg dermed ikkje inne noko buffer til auke i kapasitet ved nye omfattande behov, utover det som er normale svingingar gjennom eit driftsår. Ved nye behov som ikkje kan dekkast innan ramma for sektoren, må det leggest fram sak til politisk handsaming for å sikre omprioritering av kommunen sine samla midlar innan årets budsjettramme.

I og med at vi i mindre grad tar ned etablerte tilbod, betyr det at det blir færre oppseiingar i sektoren. Likevel medfører tiltaka at vi har 8 ulike prosessar som medfører endring i tilsettingstilhøvet for 24 personar i sektoren. Desse er lagt inn med halvtårseffekt i 2021, noko som gir oss første halvår til å gjennomføre prosessane saman med ei redusert HR-avdeling. Erfaring frå tidlegare nedbemanningsprosessar viser at arbeidet krev mykje av vår kapasitet, og skaper stor uro i einingane.

5.3.2 400 Felles HOS

5.3.2.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
400 Felles helse, omsorg og sosial	3 104	2 922	1 525	1 397

Handlingsrom innanfor rammene:

- Ved å frigjere nestleiar frå 50 % stilling som einingsleiar helse, sikrar vi kapasitet til å ta fatt på prosjekt Omsorg+. Dette prosjektet er som kjent avgjerande for at sektoren skal kunne dreie frå institusjonsbasert til heimebasert eldreomsorg
- Kapasitetsauken vil og gi oss mulighet til å følgje opp einingane tettare enn det vi klarer i dag. Tid og kompetanse til å vurdere organisering, driftsform, kompetansebehov, leiarkapasitet, teknologiske løysingar og prioritering av knappe ressursar er avgjerande for ei effektiv drift i heile sektoren. Arbeid med avtaler som kan gi oss betre økonomi kan og ivaretakast. Vi bør og ha kapasitet til å gjere analyser av eigen drift, framfor å leige inn eksterne konsulentar til dette arbeidet
- Vidareført frå budsjett 2020 ligg føresetnaden om innsparing på vakanser og manglande vikar ved sjukefråvære på 250 000. Dette vil gjelde for heile sektoren, rapporteringa blir liggande her på ansvar 400 Felles HOS for å ha oversikt
- Ansvar dekkes og 10 % kostnad til merkantil ressurs i resepsjonen ved Familie- og omsorgssenteret, som det ikkje var dekning for då omsorgssenteret vart opna

5.3.2.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 275 000 ved at seniortiltak for heile sektoren fell vekk	Vi vil miste kompetanse og erfaring i einingane. Rekrutteringsutfordringane er store i dag, spesielt for sjukepleiarar, og vil medføre auke i vikarbyråkostnader. Med manglande kompetanse er det og fare for at vi ikkje vil kunne oppfylle målet om reduksjon av overtidsbruk, sjå under
Kr 750 000 ved reduksjon av overtidsbruk for heile sektoren	Manglande rekruttering av fagpersonell og avdelingsleiarar gir høg belastning på fast tilsette. Dette medfører overtid. Fare for at vi ikkje klarer å oppfylle denne målsettinga, sjå også over
Kr 500 000 ved å inngå avtalar med vikarbyrå utanfor Bergensanbodet	Lågare kostnader på vikarbruk (halvårseffekt)

5.3.3 410 Helsetenester

5.3.3.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
410 Helsetenester	25 740	28 269	600	27 669

Handlingsrom innanfor rammene:

- Ny leiar i 100 % for tenesta, som omfattar
 - Lonevåg legekantor
 - Valestrand legekantor
 - Ergo- og fysioterapiavdelinga
 - Forvaltning
 - Koordinerande eining

Eininga er i tillegg kontakt ut mot privat fysioterapi, Osterøy Fysioterapi, institutt for Manuellterapi DA. Ved omorganisering i kommunen kan det vere hensiktsmessig å legge også andre tenester til denne eininga
- Budsjettet har som føresetnad at vedteken reduksjon (budsjettvedtak des 2019) av driftstilskot til Osterøy fysioterapi blir gjennomført. Prosessen er krevjande, og vil mest sannsynleg gå til retten. Vi har difor ikkje rekna gevinst på dette tiltaket før i 2022
- Ny leiarressurs vil og måtte bidra direkte inn i forvaltningstenesta med noko sakshandsaming/oppfølging av vedtak i tenestene, då det er ikkje rom for utviding av sakshandsamarkapasitet i dette budsjettet. Per i dag har ikkje Psykisk helse og rusomsorg same samhandling rundt vedtak som dei andre einingane i sektoren. Dette arbeidet er viktig for å sikre rett hjelp til rett tid, og bidra til ein effektiv ressursbruk også i Psykisk helse
- Budsjettet har med oppretting av ny legestiling, slik at vi totalt har seks fastlegar. I tillegg er LIS 1 lege ved Valestrand vidareført i 2021
- Desentraliserte dagtilbod har i budsjettet ikkje tilbod om kjøring av brukarar, dei må kome seg til tilbodet sjølv

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

5.3.3.2 Handlingsplan 2nin021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 125 000 ved at ergoterapeut aukar frå 80 til 100% stilling vil ikkje bli iverksett	Mindre ressurs til kvardagsrehabilitering. Vi kan frigjere 20-30 % frå tenesta til samarbeid om dette med heimetenesta
Kr 175 000 ved bemanningsreduksjon legekontor	Er ei vidareføring av arbeidet som vart påbegynt i 2020, noko er på plass t.d ny husleigeavtale, noko gjenstår. Personalprosess, difor halvtårseffekt. Gir noko mindre kapasitet ved Lonevåg legekontor, har ikkje fått diskutert grundig nok enno kva oppgaver dette vil gå utover.
Kr 300 000 ved å halde aktivitørstilling vakant i 2021	Bebuarar ved Osterøytunet får ikkje tilbod om aktivitetar. Dagrehabiliteringa får mindre kapasitet, og det blir ikkje oppfølging av desentraliserte dagtilbod

5.3.3.3 Utvikling av tenesteomådet i 2021

	Tjenesteområde: Helse - forvaltning	Status	Status	Ønsket nivå
	Mål/indikator:	Landet	Osterøy	2021
	<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>			
1	Saksbehandlingstid forvaltning – evt. differensiere mellom type saker			
	<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>			
1	I kva grad opplever brukar å verte høyrte (alle) – fekk du hjelp til det du trengte			
2	I kva grad opplever brukar at tenestene samarbeider på tvers			
3	I kva grad er ventetida for å få tak forvaltningstenesta akseptabel			
4	Svartid i tenesta, tilgjengeligheit			

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

	Tjenesteområde: Helse – ergo-/fysioterapi	Status	Status	Ønsket nivå
	Mål/indikator:	Landet	Osterøy	2021
	<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>			
1	Ventetid for tenestemottakar i samsvar med godkjent prioriteringsliste for inntak			Kartlegge status i 2021 75% i 2022
2	Oppnådd meistringsmål gjennom gruppetilbod ved bruk av test SPPB ved start og slutt		Status 2020	% økning?
3	Oppnådd meistringsmål gjennom individuell funksjonstrening/ rehabiliteringsforløp ved bruk av standardiserte tester/kartleggingsredskap ved oppstart/slutt for eksempel med SPPB/COPM			Aktuelt ved oppstart kvardagsrehabilitering
	<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-bruker-/innb.undersøkelse)</i>			
1	I kva grad opplever brukar å verte høyrte?			Ambisjonsnivå 1-6
2	I kva grad fekk du hjelp til det du trengte?			Ambisjonsnivå 1-6
3	I kva grad er ventetida for å få time hjå ergo- /fysio akseptabel?	3,5 (CM)	4 ?	Skala 1-6
4	Er tenesta lett å komme i kontakt med?			Skala 1-6

5.3.4 430 NAV

5.3.4.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
430 NAV	12 394	14 378	1 500	12 878

Handlingsrom innanfor rammene:

- Svært knapp sakshandsamarkapasitet: NAV har frå 2016 til 2019 hatt ein auke i tal vedtak på 55 %. Bemanninga ved eininga har vore den same, 5 sakshandsamarar. Vi har eit mål om at sakshandsamarane skal ha ei fordeling mellom vedtaksskriving og oppfølging av brukar på 50/50. I dag har vi kapasitet 80/20 på ordinær sosialhjelp, på ungdom/flyktning 60/40. Dette gjer det utfordrande å hjelpe brukarane med å kome ut av ein livssituasjon der dei er avhengige av hjelp frå det offentlege, i tillegg til ein auke i forbruk av økonomisk sosialhjelp. I 2017 nytta vi kr 3 200 000 til økonomisk sosialhjelp, i 2020 blir det nærare kr 7 700 000
- Aktivitetsplikten blir ikkje oppfylt i dag slik lova seier den skal, jf punktet over. Dette går spesielt utover gruppa under 30 år. Konsekvensen er at brukarar istadenfor å kome ut i ordinært arbeid blir gåande på økonomisk sosialhjelp, med det dette medfører av lågare livskvalitet og avhengigheit av offentlege hjelp. Dette påverkar også forbruk av andre kommunale tenester, som lege, barnevern, psykisk helse og rusomsorg
- Gjennom dialogmøte med Fylkesmannen er tenesta totalt skåra som gul i trafikklysmodellen, med raudt på økonomi. Elles har vi grøn skår på det som går på effektiv drift og prioritering av rette tiltak innan dei rammene vi har, men tenesta blir sett på som svært sårbar grunna manglande kapasitet

5.3.4.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 300 000 ved at vi reduserer tal kandidatar som vil få tilbod om deltaking i Kvalifiseringsprogrammet	Færre over i ordinært arbeid, blir gåande på økonomisk sosialhjelp. Har lite kapasitet til å tilby KVP, då sakshandsamarkapasiteten er låg
Kr 600 000 ved at vi brukar fond til å dekke utgifter til Husbanktilskot	Reknar med å kunne halde oss innafor ramma med dette tiltaket
Kr 600 000 ved at vi likevel ikkje oppretter ny stilling som sosionom	Kapasiteten ved NAV sosiale tenester er for låg i høve norm; 1:1000 innb, OK har 5:8000. Gir manglande bidrag til endring av livssituasjon, sjå handlingsrom over

5.3.4.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

	Tjenesteområde: NAV sosial Mål/indikator:	Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
	<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>			
1	Andel brukarar med sosialhjelp som hovudinntektskilde	2019: 41,4%	2018: 49,5%	<35 %
2	Andel brukarar med sosialhjelp i meir enn 6 månader Gjennomsnittleg stønadperiode for aldersgruppa 18-24 år skal vera 3 mnd eller lavare	2019: 38,4%	2018: 36,7%	<30 %
3	Andel brukarar som har avslutta introduksjonsprogrammet og som er i arbeid innan 6 månader			>75 %
4	Alle søknader som vert behandla innan 3 veker			100 %
5				
6				
	<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>			
1	I kva grad opplever du at tenesta behandlar deg med høflighet og respekt (skala 1-4)	3,5		3,5?
2				
3				
4				

5.3.5 501 Osterøytunet

5.3.5.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
501 Osterøytunet	58 846	58 425	1 375	57 050

Handlingsrom innanfor rammene:

- Vi har i budsjettforslaget lagt ned funksjon som fagsjukepleiar ved gruppe 7, og brukt ressursane her saman med noko bruk av ressursbank for å opprette ny avdelingsleiar ved tunet. Vi vil då organisere pleieavdelingane slik med tre avdelingsleiarar:
 - 1.etg (gruppe 1, 2 og 3)
 - 2.etg (nattenesta og gr 4 el 6, samt ansvar for sjukepleiarturnus)
 - gr.7 og gr 6 el. 4

Avdelingane på Osterøytunet vil sjølv etter endringane være av dei største i kommunen, med nærare 30 årsverk og 45 fast tilsette i kvar avdeling, pluss vikarar, og med drift 24/7/365
- Redusert kapasitet til oppfølging av tilsette ser vi igjen på sjukefråvær og turnover i tenesta. Dei tilsette skal ha tilbod om medarbeidersamtale, og dei treng rettleiing, oppfølging og bidrag frå leiar i fagleg problemløysing. Spesielt oppfølging av nyttilsette er sårbart, og kan føre til at nyttilsette ikkje klarer å stå i oppgåvene dei blir tildelt
- Eininga har med denne ramma framleis låg kapasitet til å drive endringsprosessar, som til dømes arbeid med endring av døgnrytme, omlegging av turnus til langvakter og årsturnus, innføring av ny teknologi, implementering av pasienttryggleiksprogram og gjennomføring av kvalitetskontroll, og vi brukar dermed uforholdsmessig lang tid på desse prosessane. Faren for at vi då fell tilbake i gamle spor er dermed heile tida overhengande. Spesielt er vi sårbare ved utskifting av leiarar slik vi har det i år, der begge avdelingsleiarane går ut med pensjon
- Medvirkning av pasientar og pårørande, i tillegg til tilsette, er utfordrande i tenesta, då årsverka er knytt til drift. All deltaking i slike prosessar føreset vikar for at pasientane skal ha forsvarleg hjelp til ei kvar tid. Det er ikkje lagt inn midlar i budsjettet til denne type vikarbruk
- Vi har fleire brukarar med komplekse lidningar og behov for tettare oppfølging enn vi har hatt tidlegare, og brukar fleire årsverk enn i 2020
- Rekruttering av sjukepleiekompetanse er eit aukande problem, og vi har måtte tilføre ressursar for å ta den auka kostnaden ved bruk av vikarbyrå. Vi klarer med dagens lønnsnivå ikkje å konkurrere med nabokommunar om sjukepleiekompetanse
- Grunna lågare auke enn forventa i pensjonskostnader og auka brukarbetaling, er framskrivinga for eininga 421 000 kroner mindre enn 2020, før iverksetting av innsparingstiltaka under. Ramma er etter innføring av tiltaka i tabellen kr. 1 796 000 lågare enn i 2020.

5.3.5.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 200 000 ved å utsette oppstart avdelingsleiar til 1.april	Stort press på avdelingsleiarane, fare for auka overtidsbruk. Må prioritere ned oppgåver som medarbeidarsamtaler etc
Kr 675 000 ved å redusere bemanning på natt med 1,8 årsverk	Prosess personal, difor halvårseffekt i 2021. Vil sjå på korleis vi kan kompensere med velferdsteknologi. Grunna fleire brukarar med omfattande hjelpebehov, krev dette grundig vurdering knytt til forsvarlighetskravet. Utforming av demensavdelinga gir og store avgrensingar
Kr 500 000 ved å redusere oppgåver og dermed bemanning på kjøkken, eller ved å auke inntening. Det å vurdere løysingane blir organisert som eit prosjekt i 2021	Får behalde kommunalt kjøkken, noko som og er påpeika som eit viktig tiltak i Telemarksrapporten. Vi må redusere oppgåver for kjøkkenet, t.d møtemat rådhus, automater rådhus, mindre sal som igjen gir mindre inntekt. Kjøp av institusjonsmat frå sentral leverandør, heimebuande må kjøpe eigen mat. Kan medføre auka oppgåver for heimetenesta. Alternativt kan vi utvide tilbodet, og auke innteninga. Dette må utgreiast nærare for endeleg effekt økonomisk, men vi legg inn vidare effekt kr 1 000 000 i 2022

5.3.5.3 Utviklinga av tenesteområdet i 2021



Tjenesteområde: Osterøytunet		Status	Status	Ønsket nivå
Mål/indikator:		Landet	2020	2021
<i>Objektiv kvalitet</i>				
1	Alle pasientar med ernæringsrisiko har ein ernæringsplan Verktøy: Mini Nutritional Assessment (MNA) Datakjelde: CosDoc			100%
2	Over 80% av pasientar på rehabiliteringsopphald skal ha ein forbetring i IPLOS skår etter opphaldet. Datakjelde: CosDoc		Ikke dokumentert	Over 80%
3	Plan for lindring vert brukt ved 80% av forventa dødsfall Verktøy: «Livets siste dagar» sjekklister/ rutine Datakjelde: CosDoc			80%
4	Alle langtidsbebuarar skal ha legemiddelgjennomgang 1 gang pr år Datakjelde: CosDoc			100%
5	Alle pasientar med risiko for fall skal ha ein plan for forebyggjande tiltak Verktøy: Stratify Datakjelde: CosDoc			100%
6	Brakarundersøking blir gjennomført i 2021			

Målindikator langtidsbebuarar: 1, 3, 4 og 5.
Målindikator pasientar i rehabiliteringsopphald: 1, 2, 3 og 5.
Målindikator pasientar i korttidsopphald anna: 1, 3 og 5.
Målindikator overordna: 6.



Tjenesteområde: Osterøytunet		Status	Status	Ønsket nivå
Mål/indikator:		Landet	Osterøy	2021
<i>Opplevd kvalitet (brukarundersøking, skala 1-6)</i>				
1	I kva grad opplever du å bli møtt med respekt av dei tilsette?			5,5
2	I kva grad er du nøgd med mat og mattilbodet?			5
3	I kva grad kjenner du deg trygg på Osterøytunet?			5
4	I kva grad er du nøgd med aktivitetstilbodet ved Osterøytunet?			4,5

5.3.6 502 Heimetenesta

5.3.6.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
502 Heimetenesta	41 744	49 228	1 768	47 460

Handlingsrom innanfor rammene:

- Heimetenesta har stor variasjon innan behov for sine tenester. Frå des 2019 til aug 2020 har vi hatt ei auke i vedtak om tildelt hjelp tilsvarande 2,4 årsverk. Det er difor utfordrande å planlegge tenestene detaljert frå år til år. I september er ATA for heimetenesta (ansikt til ansikt-tid) 62 %, noko som er svært tilfredsstillande gitt dei store avstandane i Osterøy
- Innføring av velferdsteknologi i heimetenesta er planlagt utan tilføring av ressursar. Dette gjer arbeidet krevjande, og fallgruva er at vi ikkje får nødvendig uttelling for arbeidet som er gjort dei siste åra, ved deltaking i Vestlandsprosjektet (tidlegare Velferdsteknologiprojektet).
- Oppfølging av tilsette er og utfordrande med så store avdelingar, noko vi ser igjen på sjukefråvær og turnover i tenesta. Dei tilsette skal ha tilbod om medarbeidersamtale, rettleiing og oppfølging og bidrag frå leiar i fagleg problemløysing. Spesielt oppfølging av nytilsette er sårbart, og kan føre til at nytilsette ikkje klarer å stå i oppgåvene dei blir tildelt. Det er diverre ikkje rom for auke i leiarkapasitet for heimetenesta i 2021
- I budsjettet for 2020 la vi ned funksjon for oppfølging av lærlingar 30 % stilling, dette har vi grunna korona utsett til 2021. Budsjett 2021 har dermed ikkje oppfølging av lærlingar med, og kvaliteten på oppfølging av lærlingar og kontakt og samarbeid med skule går dermed ned
- Reinhald måtte redusere sine budsjett i fjor, og Heimetenesta har dermed ikkje dette tilbodet i Haldorvika. Det må dermed brukast assistenttimar til dette av eininga sitt budsjett
- Vi arbeider med endring av turnusar og organisering elles for å bli meir fleksible og nå over meir med den kompetanse vi har tilgjengeleg. Dette arbeidet er tidkrevjande, og det er utfordrande å frigjere personalet til nødvendig medverknad i prosessane. Heller ikkje i 2021 har vi kunne sett av ressursar til denne type arbeid
- Rekruttering av sjukepleiekompetanse er eit aukande problem, og vi har måtte tilføre ressursar for å ta den auka kostnaden ved bruk av vikarbyrå. Vi klarer med dagens lønnsnivå ikkje å konkurrere med nabokommunar om sjukepleiekompetanse

5.3.6.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 125 000 var lagt inn som ei auke til å starte arbeidet med å innføre kvardagsrehabilitering som metode, denne tar vi ut igjen. Målet er å klare dette innanfor eigne rammer	Kan medføre meirforbruk før effekten er oppnådd. Fare for at innsatsen er for liten til at vi klarer å oppnå merkbar effekt og motivasjon for varig endring
Kr 1 500 000	Utsette oppretting av to nye sjukepleiarstillingar. Gir større press på tenesta både knytt til kompetanse og kvalitet. Må vurdere å omgjere fagarbeidarstillingar til sjukepleiarstillingar
Kr 143 000 ved at Praktisk bistand overtek reinhaldet i Haldorvika	Nedbemanningsprosess

5.3.6.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Tjenesteområde: Heime tenesta		Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
Mål/indikator:				
Objektiv kvalitet				
1	ATA-tid (ansikt- til ansiktstid) er over 55-60% av arbeidsdagen til dei tisetete Heime tenesta Bufellesskapet Praktisk Bistand Datakilde: CosDoc/Notus/Visma		62% 57% 38%	> 55% > 60% > 60%
2	Alle brukarar med omfattande hjelpebehov > 2,5 i IPLOS-score får primær- og sekundærkontakt Datakilde: CosDoc		80%	100%
3	Andel brukarar med gjennomført ernæringskartlegging siste 6 månader Datakilde: CosDoc		60%	> 80%
4	Andel brukarar som har hatt tenester i meir enn 3 månader har hatt årleg legemiddelgjennomgong Datakilde: CosDoc		75%	> 90%
5	IPLOS-kartlegging x1/år og elles ved endringar Datakilde: CosDoc		45%	> 80%
Opplevd kvalitet (brukarundersøkelse skala 1-6)				
1	Eg får god informasjon om den tenesta eg får	4,7		5,5
2	Eg får den hjelpa eg treng for å kunne bu heime	5,2		5,5
3	Dei tilsette behandlar meg med respekt	5,5		5,7
KS KONSULENT				

5.3.7 503 Psykisk helse og rusomsorg

5.3.7.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskriving 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
503 Psykisk helse og rusomsorg	14 818	16 268	1 785	14 483

Handlingsrom innanfor rammene:

- I 2017 kom det ei ny lovendring som no gir store konsekvensar for hjelpeapparatet i psykisk helse og rusomsorg i alle linjer.
- Psykisk helse og rusomsorg opplever ein auke i press på tenestene kvart år, utan tilførsel av årsverk. Det er utfordrande å møte krav i nasjonale planar og føringar utan nødvendige ressursar. Brukarane blir eldre og får somatiske lidningar i tillegg, og vedtaka har grunna dette auka tilsvarande 4,4 årsverk.
- Osterøy kommune manglar psykogeriatrisk tilbod og dette gjer at dei ulike einingane må ivareta denne gruppa sjølve. Dette er ein av grunnane til at framskrivinga la opp til ei ekstra langvakt i vekedagane ved RAUS bufellesskap. Rammene gir ikkje rom for denne auken, og kvaliteten på tilbodet går difor ned
- Vi aukar kapasiteten på rusomsorga med 0,15 årsverk, og har dermed nokre fleire dagar med to personar på vakt i denne tenesta. Rusprosjektet frå 2019 har fått nye midlar tilført, og vi reknar med å kunne føre dette vidare i 2021

5.3.7.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 1 550 000 ved ikkje å auke bemanninga i RAUS	Kun ei mellomvakt mellom dei to bygga gir mindre fleksibilitet. Oppgåvene aukar, utan at ressursane aukar tilsvarande. Mindre oppfølging av brukar sine behov
Kr 35 000 ved å fjerne seinvakt i psykiatri-tenesta, endre frå 35,5 til 37,5 t/v frå august	Krev prosess med HR. Gir auka kapasitet 312 timar per år
Kr 150 000 ved å ta ut vikarbudsjett i psykiatri-tenesta	Kan føre til manglande utføring av vedtak ved mykje fråvær. Sårbart under korona
Kr 50 000 ved at deler av stillinga til psykolog i perm er erstatta av anna kompetanse	Ikkje same kompetanse i hjelpetiltak
Kr 150 000 ved å la avdelingleiarstillinga stå delvis vakant 3 månader (ansvar 4000)	Auka belastning på eininga, må nedprioritere oppfølging av personalet. Meir press på einingsleiar

5.3.7.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

	Tjenesteområde: Psykisk helse og rus Mål/indikator:	Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
	Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)			
1	Psykisk helse og rus: Alle søkjarar til psykisk helsehjelp og rusomsorg skal kallast inn til kartleggingssamtale innan 3 veker		Pågåande	100 %
2	Psykisk helse og rusomsorg heile tenesta: Individuell plan – brukarar med behov for koordinerte tenester skal gis informasjon om og tilbod om individuell plan. Datakilde: Cosdoc			100%
3	Raus Bufellesskap: Bebuarar sin oppfølgingsplan skal evaluerast 1 gong pr år			100%
4				
	Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)			
1	Psykisk helse og rus: Brukar opplever å ha fått nødvendig helsehjelp		I Start fasen	
2	Brukar vert møtt med respekt	Skala 1-4 3,8	Starter i november	3,8?
3	Brukerundersøkelse Psykisk helse og rus		Gjennomført 2020	Gjennomføre i 2021
4				



KS KONSULENT

5.3.8 Bu- og avlastningstenesta

5.3.8.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
505 Bu- og avlastningstenesta	57 001	59 413	1 600	57 813

Handlingsrom innanfor rammene:


- Bu- og avlastningstenesta er den eininga i sektoren som har størst auke i brukarar med store bistandsbehov. Vi har oppretta tre nye tiltak i 2020, i tillegg er det under planlegging eit nytt bufellesskap i privat regi, med behov for kommunale tenester, med oppstart haust/vinter 2021. Sjølv med ein ny avdelingsleiar i 2019, er det ikkje kapasitet for avdelingsleiarane å nå over alle oppgåvene. Dei har kvar 3-4 tenesteområde, spreidd utover øya. Redusert kapasitet til oppfølging av tilsette ser vi igjen på sjukefråvær og turnover i tenesta. Dei tilsette skal ha tilbod om medarbeidarsamtale, og dei treng rettleiing, oppfølging og bidrag frå leiar i fagleg problemløysing. Spesielt oppfølging av nyttilsette er sårbart, og kan føre til at nyttilsette ikkje klarer å stå i oppgåvene dei blir tildelt
- Det er behov for kapasitet til å arbeide med løysingar for å samordne ressursbruken i eininga, som til dømes å utvide eksisterande bufellesskap, auka bruk av ambulerande tenester, og sjå på samordning av nattenester. Budsjettet legg opp til at avdelingsleiarane kan ta meir del i dette arbeidet, samstundes som dei skal følgje opp personalet i sine avdelingar. Arbeidet med å sikre forsvarleg kvalitet i tilbodet heldt fram, og krev at avdelingsleiarane er deltakande i å drive prosessane. Frå 01.01.21 får vi fordelt oppgåvene på fire avdelingsleiarar, og frå haust 2021 på fem. Då vil vi ha 2-3 områder per avdelingsleiar. Betring i leiarkapasitet gjer at leiarane kjem tettare på personalet og brukarar, og kan gjere endå betre vurderingar av ressursbruk og mogleg samordning. Dette er ei helt nødvendig auke, eininga har no over 80 årsverk, fordelt på over 120 tilsette. 9 av 11 tiltak har døgndrift
- Ved oppretting av dagtilbod på Hauge gard har vi no kapasitet til å gi fleire brukarar samstundes eit meningsfylt tilbod, framfor å bruke ressursar på å følgje opp ein til ein i heimen
- Arbeidet med å overta dagtilbodet frå OPRO tar lengre tid enn planlagt, grunna førebuing av tomt for bygging. Det betyr at vi held fram med å kjøpe denne tenesta av OPRO, inn i 2022. Vi får difor ikkje i 2021 effekt av planane om å få fleire større stillingar som kan vere attraktive for vernepleiarar og andre med høgskule, som eit bidrag til rekruttering i tenesta.

5.3.8.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Kr 650 000 ved å redusere med eitt årsverk i avlastninga	Endring i brukarsamansetting gjer dette mogleg. Prosess med nedbemanning, krev samarbeid med HR.
Kr 750 000 ved å utsetje auke i bemanning og ny brukar på Solplassen til 2022	Ikkje butilbod, per no står det fire på prioritert venteliste. Forlenga belastning på pårørande. Legg auka press på avlastinga
Kr 200 000 ved strukturendring i eininga, mål om færre einingar	Usikker måloppnåing, avhengig av fleire prosessar og kapasitet til å arbeide med desse. Krev tett samarbeid med HR i nedbemanningsprosessen

5.3.8.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Samtlege kvalitetsindikatorar har som overordna formål å sikre riktig hjelp og bistand med tilpassa omfang etter dokumenterte behov hos tenestemottarane. Samtlege kvalitetsindikatorar har eit overordna fokus på og målsetting om å sikre effektiv tenesteyting innanfor eininga sine rammer.

	Tjenesteområde: Bu- og avlastningstenesta	Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
	Mål/indikator:			
	Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer) –i prioritert rekkefølge			
1	Andel brukarar med vernepleierplan som evalueres og oppdaterast årleg. Datakilde: Cosdoc		0%	75%
2	Andel brukarar med Habiliteringsplan som evalueres årleg. Datakilde: Cosdoc			50%
3	Gjennomføre kvalitetssamtale for alle brukarar årleg, oppstart august 2021. 100% gjennomføring innan juni 2022. Datakilde: Cosdoc			50%
4	Årsverktimar / ressurstimer i tenestetilbod skal samsvare med og stå i forhold til vedtakstimer / bistandsbehov hos brukarar av tenestene. Oversikt for eininga og per tenestestad dokumenterast og oppdaterast ved evaluering av vedtak. Datakilde: Cosdoc – IPLOS / Vernepleierplan, Visma, Notus		0,93	1,00
	Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)			4
1	Opplevd respekt, inkluderast i kvalitetssamtale. Vurderast på ein skala frå 1-6, samarbeid om forbedringsmål			4
2	Opplevd medbestemmelse, inkluderast i kvalitetssamtale. Vurderast på ein skala frå 1-6, samarbeid om forbedringsmål			5
3	Opplevd trivsel, inkluderast i kvalitetssamtale. Vurderast på ein skala frå 1-6, samarbeid om forbedringsmål			4
4	Opplevd sosial deltaking og integrering, inkluderast i kvalitetssamtale. Vurderast på ein skala frå 1-6, samarbeid om forbedringsmål.			
				
	KS KONSULENT			

5.4 Ansvar 5 SEKTOR SAMFUNNSUTVIKLING

5.4.1 Innleiing


Sektor for samfunnsutvikling har eit breitt ansvarsområde frå overordna utvikling av kommunen til teknisk drift og reinhald. Brannordninga ligg og til sektoren. Sektoren består av 77 tilsette.

Brannordninga består av 29 personar i tillegg til leiar i 30% stilling.

Sektoren har lokaler i rådhuset, på Grønnskaret (Teknisk drift) og på brannstasjonen på Hauge (Kommunale bygg og brann). Reinhald har arbeidsplass på dei ulike bygga til kommunen.

Koronapandemien får konsekvensar for budsjettet med auka kostnader til beredskapsarbeid, auka lønskostnader og smittevern, spesielt innan reinhald.

5.4.1.1 Organisasjonskart 2020



5.4.1.2 Budsjett 2021

Tal i heile 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Plan og prosjekt	5 866	5 746	250	5 496
Teknisk drift	40 741	43 087	2 846	40 241
Teknisk forvaltning	3 001	3 487	150	3 337
Totalt Samfunns-utvikling	49 608	52 320	3 246	49 074

5.4.1.3 Generelt om sektoren, utfordringar og aktivitet

Sektor for samfunnsutvikling har mange ulike oppgåver knytt til eksterne kundar (innbyggjarar) og interne kundar (kommunen sine einigar).

I tillegg leverer sektorene saker til politisk handsaming, fyrst og fremst til planutvalet. Sektoren har og ansvar for investeringsprosjekta til kommunen. Det har vore svart vanskeleg å rekruttere til stillinger innan prosjektleiing i fht investeringsprosjekta, men det har og vore vanskeleg å rekruttere til andre stillingar i sektoren, spesielt på leiarnivå.

Sektoren har i 2020 gått inn for rammeavtalar innan prosjektleiing og byggeleiing sidan vi ikkje klarar å rekruttere kvalifisert personale til stillingane.

Byggeprosjekta har blitt til dels kraftig forseinka på grunn av mangel på folk til å leie prosjekta. Sektoren samarbeidar tett med dei andre sektorane for å få realisert investeringsprosjekta til kommunen. Tre viktige prosjekt som har høg prioritet i 2021 er Omsorg +, samlokalisering av bu- og avlastningstenestene og samlokalisering av brann/tekniske tenester og ambulanse. Alle prosjekta vil gje gevinstar i fht lågare kostnader og meir effektiv drift med høgare kvalitet.

Sektor Samfunnsutvikling må som konsekvens av innsparingene i 2021 ta ut eit årsverk i sektoren. Sektoren har pr. i dag ubemanna stillinger, og eit nedtrekk vil føre til reduserte tenester og lengre sakshandsamingstid.

Oppfølging av beredskapsarbeidet

Kommunen sitt beredskapsarbeid er lagt til sektoren. Det er satt av kr 70 000 i 2021 til å følge opp arbeidet med beredskapsplanen. Koronasituasjonen har vist oss kor viktig dette arbeidet er. Osterøy kommune er i dialog med nabokommunene om eit regionalt samarbeid knytt til beredskap i 2021. Vi har ikkje oversikt over kostnadane knytt til dette enno. Bergen brannvesen arbeider også for ei regional styrking av brannsamarbeidet i regionen. På grunn av ytterlege nedskjæringer i budsjett har vi teke ut desse 70 000,- til beredskapsarbeid, og vil gjennomføre arbeidet med dei ressursane vi har. Dette vil då gå ut over andre oppgåver som då ikkje kan prioriterast.

Planarbeid

Samfunnsdelen av kommuneplanen skal til politisk handsaming i løpet av 2020, og oppfølging av planen og KS prosjektet «Samfunnsdelen av kommuneplanen som politisk verktøy» blir ei viktig oppgåve for sektoren i 2021. Sektoren har lagt opp til rullering av arealdelen av kommuneplanen i

2021 og satt av ressursar til dette arbeidet. Oppfølging av private planar har høg prioritet. Ellers er planarbeidet knytt opp mot realisering av ny planstrategi som er under handsaming.

Næringsutvikling

Sektoren arbeider for å legge til rette for ei god næringsutvikling i kommunen, spesielt i fht areal/regulering. Vi deltek og i utviklingsarbeid knytt til Osterøy Utvikling/regionale samarbeid og Osterøy Industrilag. Kommunen deltek i styringsgruppe og arbeidsgruppe «Grøn innovasjonskraft Osterøy» i regi av Osterøy Utvikling og Industriutvikling Vest.

Frivillig arbeid

Sektoren har hatt ansvar for frivillig arbeid, men i 2020 blei dette arbeidet flytta til Oppvekst. Vi har eit tett samarbeid, mellom anna om kommunen sin dagsturhytte, som skal komme på plass i juni 2021.

5.4.2 Plan og utvikling

5.4.2.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i heile 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Plan og prosjekt	5 866	5 746	250	5 496

Handlingsrom innanfor rammene:

- Det er budsjettetert med 4 årsver på Plan. I løpet av 2020 har ein tilsett sagt opp, og dette har vore ein del av innsparinga for 2020 på Plan.
- I 2021 skal Plan starte arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Områdeplan for Lonevåg vil ikkje bli ferdigstilt i 2020, men vi satsar på at den er vedteken i fyrste kvartal 2021. Samfunndelen av kommuneplanen blir lagt på høyring på nyåret 2021.
- Planleggarane skal produsere og vere prosessleiar for kommunale planar. For private planar skal dei vere sakshandsamar. Fokus vil være på å få korte ned planprosessane, sidan planar er «kortvare» i ei verd der rammebetingelser endrast fortare og fortare, og utgreiingene knytt til planen risikerer å «gå ut på dato».
- Planleggarane skal og delta i og koordinera overordna planprosessar i andre sektorar og tverrfaglege fagområde. Planavdelinga er involvert i mange prosjekt som ikkje er konkrete planarbeid, til dømes trafikkisikring, klimatilpassing, arbeid med samfunnstryggleik og bistand til prosjektavdelinga i høve deira arbeid.
- Plan og Utviklingsavdelinga er styrka med eitt årsverk i 2020 (ny leiar), og ein medarbeidar har slutta i 2020, så styrkinga av avdelinga har ikkje fått den effekten som vi la opp til i forhold til raskare sakshandsaming. Fokus framover blir difor å gjere gode prioriteringar og bruke ressursane effektivt og smart.
- Det er ikkje lagt inn midlar til Miljøfyrtårnsertifisering av rådhuset.
- Ekstra nedtrekk på Plan på kr 250 000 blir teke frå kommunen sitt arbeid med arealdelen til kommuneplanen. Moglegheit for å leige inn komptanse til utgreiinger blir svekka og planprossensen vil ta lengre tid.

5.4.2.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Prioritere arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av planstrategien	Nokre av planprosessane vil ikkje bli starta i 2021 og må utsetjast på grunn av kapasitetsproblem Arealdelen av kommuneplanen vil ta lengre tid å få fram til politisk handsaming pga manglande midlar til utgreiing/analyse.
Selge tenester til Vaksdal kommune for å auke innteninga (sakshandsaming og rådgiving)	Mindre tid til prosjekt (Miljøfyrtårnsertifisering, Klimapartner, Breiband og mobilnett)
Redusere innsatsen på ROS og beredskap	Mindre kapasitet til å bistå organisasjonen i ROS arbeid og mindre oppfølging og kompetanseheving i fht beredskap
Utsette sertifisering av rådhuset på grunn av manglande kapasitet og økonomi	Arbeidet med miljøfyrtårnsertifisering i kommunen stopper opp

5.4.2.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Tjenesteområde: PLAN		Status	Status	Ønsket nivå
Mål/indikator		Landet	Osterøy	2021
<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>				
1	Halde sakshandsamingsfrister på reguleringsplan (12 veker til pol.handsaming)			80 %
2	Redusere tal motsegn til eit minimum			
3	Maks 6 veker frå endeleg motteke planframlegg til 1.gangshandsaming			100%
4				
5				
6				
<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>				
1	Gode prosessar mellom tiltakshavar og PLAN			
2	Tiltakshavar skal oppleve PLAN som imøtekommande og positive			
3	Medverke (i proess) til at sektorplanar/temaplanar tek inn over seg folkehelse og miljøkrav			100%
4				



I tillegg vil vi fokusere på det tverrfaglege arbeidet mellom Plan og Teknisk Forvaltning og vidareutvikle dette

5.4.3 Teknisk drift

5.4.3.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i heile 1000 kroner				
	Revidert budsjett 2020	Framskriving 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Eining				
Teknisk drift	40 741	43 087	2 846	40 241

Handlingsrom innanfor rammene:

- **Reinhald**

Det er små endringar i framskrivingene for reinhaldstenesta. Det meste er justeringar knytt til ulike typar permisjonar. Reinhald vil bidra med ei kraftig innsparing i sektoren ved å gå ned på fire dagars reinhald på skulene og redusert reinhald på kontor til annakvar veke (rådhus/Familie og omsorgssenteret). Vi er likevel innanfor den regionale reinhaldsnormen som er etablert. Sektoren er klar over at Koronapendemien krev forsterka reinhald, men vi meiner at vi likevel skal klare å halde eit forsvarleg reinhald i kommunen med dette nedtrekket.

- **Brann- og redningstenesta**

Brann og redning har vært underbudsjettet dei siste åra, men det er vanskeleg å treffe på tala sidan mykje av drifta avheng av tal utrykkingar og overtid. Det er lagt inn obligatorisk kursing for mannskapet (gjeld ein person). Brann tar ei innsparing i budsjettet for 2021 på kurs som ikkje er obligatoriske, utsetting av nye sertifikat og utviding av ordninga med vaktlag til også å gjelde helg. Brann- og redningstenesta har eit sterkt fokus på vedlikehald av stasjon og bilar, noko som sparer utgifter og gjer at utstyr held lenger. Osterøy kommune kjøper tenester frå Bergen, og det er liten moglegheit til å kutte i desse faste utgiftene. Det er lagt inn eni auke i desse utgiftene i framskrivingane for 2021.

- **Kommunale bygg**

Vedlikehald av dei kommunale bygga er framskrive i fht budsjettet for 2020. Behovet er vesentleg høgare og med dagens vedlikehald aukar dessverre etterslepet. Dette har vore ein trend over mange år. Det er eit stort behov for å utbedre klimaskall (tak, kledning, maling, vindauge). Sektoren syner til vedlikehaldsplan for dei ulike bygga. Vi gjennomfører små og litt større utbetningsprosjekt knytt til investeringsmidlane, men fokus er fyrst og fremst på reparasjonar og vedlikehald. Det er lagt inn skifte av tak på Lonevåg barnehage i 2021 på investeringsbudsjettet.

Kommunale avgifter og gebyr får ein auke på grunn av auka gebyrsatsar siste år. Det er små endringar for straum, husleige og forsikring.

Ekstra nedtrekk på kr 350 000 vil gå ut over eininga si moglegheit til å drive vedlikehald av kommunale bygg og følge opp små rehabiliteringsprosjekt. Desse prosjekta er ofte utløyyst av krav frå overordna mynde. Vi reknar med at dette kan få konsekvensar i fht bøter/stenging av bygg fordi dei tilfredstillar ikkje dagens HMS krav. Avvik vil ikkje kunne bli fiksa.

- **Veg**

Posten til veg er ikkje auka for 2021. Kommunen fekk kr 3 600 000 i koronatiltak i 2020 som er brukt til å asfaltere kommunale vegar. Vi meiner at vi har fått tatt eit stort etterslep i fht

asfaltering i 2020, og at behovet ikkje er så stort i 2021. I ein vanskeleg økonomisk situasjon med stort nedtrekk må vi prioritere hardt mellom ulike formål.

Veg har fått eit ekstra nedtrekk på kr 100 000. Dette vil gå ut over reparasjonar og vedlikehald av vegane.

- **Stab samfunnsutvikling**

Postane til førebygging ras - flaum og Friluftsliv (BOF) er lagt under stab. BOF har varsla ei auke i kontigenten for 2021. Arbeidet med samfunnstryggleik er lagt til stab med kr. 70 000 for 2021. Desse midlane blir trekt ut med nedtrekk på drift samfunnsutvikling på kr 82.000. Kr 18.000 blir teke frå drift, totalt nedtrekk på 82 000.

- **Vatn, avlaup, samtømming og feiing**

Desse tenestene går på sjølvkost. Her viser ein til eigne tabellar for dei ulike gebyrsatsane. Det føreligg store investeringar i nye vassleidningar og basseng som medføre auka kapitalkostnadar. Ein har i liten grad fond til disposisjon og tenesta vert i stor grad direkte finansiert av gebyra. Endelege gebyrsatsar for VA.

Bergen kommune gir tenester med feiing og tilsyn

Renovasjon blir utført av BIR

Osterøy kommune gjennomfører slamtømming ved bruk av eksternt firma.

5.4.3.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Reinhold 4 dagar pr veke på skulane og redusert reinhold på kontor til annakvar veke	Dårlegare kvalitet og ei meir sårbar teneste i fht sjukefråvær og vikar (overflytting av personalet)
Redusere på ikkje-obligatoriske kurs for brannfolka	Mindre kompetanseheving
Manglande oppfølging av vedlikehaldsplanen	Dårlegare vedlikehald av klimaskall og meir forfall i den kommunale bygningsmassen
Vi framskriv ikkje midlar til veg i fht prisstigning	Vi får mindre vedlikehald av veg, men med mange nyasfalterte kommunale vegar reknar vi ikkje med akutte behov for ekstraordinært vegvedlikehald
Ekstra nedtrekk på vegdrift	Mindre midlar til vedlikehald og reparasjonar
Vi følger opp planen innanfor vasshåndtering	Tenestene innan vassforsyning, avlaup og slamtømming er sjølvkost.
Feiing, vert gjennomført av Bergen brannvesen, er sjølvkost	Blir oppretthalde

5.4.3.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

Tjenesteområde: Mål/indikator: Veg		Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>				
1	Veivedlikehold skala (1-10) Det er eit stort etterslep når det gjeld grøfterensking .Dette fører til at vegen ikkje forfell så fort. VIKTIG		4	7
2	Brøyting Skala 1-10: Har brøyteavtaler på alle roder pr.20.10.20 Viktig og halda på dette nivået.		8	8
3	Strøing skala 1-10 : Betre tidlig strøing der det går skuleskys (med dette er og eit økonomisk spørsmål)		6	7
4				
5				
6				
<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev/bruker-/innb.undersøkelse)</i>				
1				
2				
3				
4				

KS KONSULENT

Tjenesteområde: Mål/indikator: Avløp		Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>				
1	Avløpsplan 10 år . Det må lages ein plan der ein får oversikt på forureining fra både private og kommunale anlegg. Deretter lagest det ein Handlingsplan for framdrift for dette arbeidet med eit kostnadsoverslag for dette.		ingen	ferdig
2	Lekkasje Dette vert avdekket med ein Avløpsplan.		ukjent	
3				
4				
5				
6				
<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev/bruker-/innb.undersøkelse)</i>				
1				
2				
3				
4				

KS KONSULENT

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Tjenesteområde: Mål/indikator: Vatten		Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>				
1	Trykt vatten: At vatnet vert tatt prøver etter oppsett prøveplan som er godkjent av Mattisynet.		God	
2	Vannkvalitet Vannparameter som målast er: E.koli-koliformebakterier-kimfall-Ph-turbiditet-Farge.		bra	
3	Leveringsikkerhet skale (1 til 10) Det vert betre leveringsikkerhet når en får kopla til ledning fra Raknes til Høgdebasseng Lonevåg (ledningen er komt på land i Lonvågen) holder på med prosjekteringsarbeid fra Lonevåg til Bassenget pr.20.10.20		7	8
4				
5				
6				
<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>				
1				
2				
3				
4				

KS KONSULENT

5.4.4 Teknisk forvaltning

5.4.4.1 Handlingsrom innanfor rammene

Tal i heile 1000 kroner				
Eining	Revidert budsjett 2020	Framskrivning 2021	Tiltak/ innsparing 2021	Budsjett 2021
Teknisk forvaltning	3 001	3 487	150	3 337

Handlingsrom innanfor rammene:

- Byggesak har eige sjølvkostrekneskap.
- Teknisk forvaltning vil ha stor fokus på effektivisering og digitalisering av tenester for å få ein meir effektiv forvaltning i fht innsparingar. Vi legg opp til meir sjølvbetening på heimesida (til dømes kartretting, rehabilitering av skorstein, gravesøknad, vegsaker), betre arbeidsflyt for oppmåling og bruk av malar, til dømes innanfor landbruksforvaltninga)
- Det er nokre endringar i stab. På kart og oppmåling blei det tilsett ny medarbeidar i 2020 som og skal arbeide med prosjekt.
- 10 % av byggesaksgebyrene er avsett til tilsyn. Nokre byggesaksgebyr er auka med 3-5 % mens andre er uendra. For 2021 legg vi ikkje opp til endring i byggesaksgebyrane.
- Gebyra for oppmålingsforretningar blei sett ned noko i 2020 for å være på nivå med nabokommunane.
- Vi har gått inn i eit samarbeid med Vaksdal kommune på plan og byggesaker for å auke innteninga. Det har vore mindre byggesaker i 2020, noko som kan skuldast Korona og mindre aktivitet i samfunnet.

5.4.4.2 Handlingsplan 2021

Tiltak	Konsekvensar
Effektivisere og digitalisere	Kapasiteten på eininga er generelt godt utnytta, men noko betre kapasitet på kart og oppmåling.
Gjennomgang av rutinar og meir sjølvbetening på nett (e-byggesak)	Vi vil oppretthalde nivået på sakshandsaming og gjere fleire oppgåver som vi ikkje gjer i dag.
Sal av byggesakstenester til andre kommunar for å auke inntening og utnytte kapasitet	I periodar kan sakshandsamingstida auke. Vi skal ikkje miste gebyr på grunn av dette.
Ekstra nedtrekk på utstyr og IKT på kr 50 000	Meir krevjande å digitalisere

5.4.4.3 Utvikling av tenesteområdet i 2021

	Tjenesteområde: Byggesak Mål/indikator:	Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
	<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>			
1	Halde lovpålagte frister for sakshandsaming (3 – 12 veker)			99 %
2	Digitalisere/forenkle søknadsskjema på mindre omfattande tiltak (minst 1)		0 %	100 %
3	Delta i prosjekt om digitalisering av byggesakshandsaming			75 %
4				
5				
6				
	<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>			
1	Få på plass digital brukerundersøking i løpet av året		0 %	100 %
2				
3				
4				



KS KONSULENT

	Tjenesteområde: Kart & oppmåling Mål/indikator:	Status Landet	Status Osterøy	Ønsket nivå 2021
	<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>			
1	Halde frist på 16 veker for oppmålingsforretningar		99 %	99%
2	Halde frist på 5 dagar for tenester Infoland			95 %
3	Auke bruk av digitalisert/forenkla løysing for kartretting		0 %	50 %
4				
5				
6				
	<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>			
1	Få på plass digital brukerundersøking i løpet av året		0 %	100 %
2				
3				
4				



KS KONSULENT

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Tjenesteområde: Landbruk		Status	Status	Ønsket nivå
Mål/indikator:		Landet	Osterøy	2021
<i>Objektiv kvalitet (3-4 måleindikatorer)</i>				
1	Halde lovpålagte frister for søknadar om tiskot			99 %
2	Digitalisere/forenkle søknadsskjema (minst 1)			100 %
3				
4				
5				
6				
<i>Opplevd kvalitet (3-4 spørsmål fra elev-/bruker-/innb.undersøkelse)</i>				
1	Få på plass digital brukerundersøking i løpet av året		0 %	100 %
2				
3				
4				



KS KONSULENT

Vedlegg 1 IA Handlingsplan

Fokusområde 1			
Førebyggjande og helsefremmande arbeidsmiljø			
Tema	Mål	Tiltak/verktøy	Ansvar/Støttespelar/Til kva tid?
Arbeidsbelastning	Ein skal ha oppgåver ein opplever meistring med.	Kartlegging arbeidsmiljø, Motivati, lage eigen handlingsplan, tydlege tilbakemeldingar til leiar ved for stor belastning	Ansvar: Leiar Støttespelarar: IA-utval, tillitsvald, verneombod og medarbeidarar
Kultur og haldningar på arbeidsplassen	Me er saman om gode tenester – og din innsats tel for at me skal ha gode arbeidsplassar og eit godt omdøme	10 faktor Samarbeidsmøte Oppfølging nytilsette Rettleiing frå NAV arbeidslivs senter /BHT	Ansvar : Leiar Støttespelarar: tillitsvald, verneombod og medarbeidarar Kontinuerleg.
Tre-part samarbeid	Gjensidig informasjon om satsingsområde, regelverk og planlegging av tiltak	Avvik Vernerunde Konflikthandtering Personaloppfølging	Ansvar: Leiar Støttespelarar: tillitsvald og verneombod. 3-4 møter årleg
God relasjon leiar/medarbeidar/medarbeidar	Trygge og gode leiarar samt involverte medarbeidarar Gode rutinar for god dialog.	Meistringsorientert leiar – Dialogkafé/Leiar-utvikling. Motivati – Rolleavklaring Medarbeidarkafé Motivasjonsseminar Personalmøte Medvirkningsplikt.	Leiar i samarbeid med dei tilsette. Medvirkningsplikt.

Fokusområde 2			
Hyppig gjentakende og/eller langvarige sjukemeldingar			
Tema	Mål	Tiltak/Verktøy	Ansvar/Støtte-spelar/Til kva tid?
Sjukefråværsoppfølging	Alle skal vere kjend med gjeldande rutinar for oppfølging – både rettar og plikter NB Medverknadsplikta	Oppdatering av rutinar Eigen brosjyre Dialogmøte	IA-utval, leiar, tillitsvald, verneombod og medarbeidarane BHT/NAV
Oppfølging av gravide tilsette	Gode rutinar som er kjend for dei tilsette	Oppdatering av rutinar Eigen brosjyre	IA Utval, leiar, tillitsvald, verneombod og medarbeidarane, BHT
Nærvær	Me er saman om gode tenester	Å etterleve verdiane våre: Ærleg – Tydeleg – Respekt – Omsorg Fokus på at din innsats tel Årleg arbeidsmiljøpris	Alle IA-utval
Tilrettelegging	Legge til rette så langt som det let seg gjere	Kartlegge tilretteleggingsmoglegheiter på kvar arbeidsplass før fråvær.	På initiativ frå leiar. Medverknadsplikt frå tilsette. Leiar, tillitsvald, verneombod og medarbeidarane, BHT
Medverknadsplikta til den tilsette. AML §2-3	Samarbeide og medverke aktivt til å finne løysingar so ein kjem raskt tilbake i arbeid	Delta i arbeidet med oppfølgingsplan. Obs: du har aktivitetsplikt	Den tilsette i samarbeid med Leiar og Lege

Vedlegg 2 Utgreiing av omgjeriing av barnehagar og skular til oppveksttun i samband med budsjett 2021

Bakgrunn

Osterøy kommune er ein ROBEM kommune og må finne innsparingar i budsjett 2021 på kr 54 000 000 etter framskrivingar av drifta i 2020. Rådmannen si oppgåve er å legge fram eit saldert budsjett slik at kommunen har ei sunn drift i økonomiplanperioden. For å løyse dei store økonomiske utfordringane kommunen har, må ein gjere radikale grep. Eit av grepa er å gjere om Fotlandsvåg barnehage og -skule til eit oppveksttun og Haus barnehage og -skule til eit oppveksttun. Rådmannen ser for seg at barnehagen og skulen kan få felles leingiing og at 5.-7. trinn vert flytta til Lonevåg.

Vurdering

Elevtalsutvikling ved Valestrand skule:

Valestrand skule	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klasse 1	24	30	30	24	26	22
Klasse 2	24	24	30	30	24	26
Klasse 3	36	24	24	30	30	24
Klasse 4	24	36	24	24	30	30
Klasse 5	24	24	36	24	24	30
Klasse 6	29	24	24	36	24	24
Klasse 7	25	29	24	24	36	24
Sum	186	191	192	192	194	180

Valestrand skule har i dag ei god ressursutnyttiing. Elevtalet er stabilt på same nivå som dagens drift. Rådmannen har difor vurdert at skulen heldt fram som i dag.

Elevtalsutvikling ved Haus skule er:

Haus skule	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klasse 1	11	23	21	18	17	13
Klasse 2	19	11	23	21	18	17
Klasse 3	24	19	11	23	21	18
Klasse 4	10	24	19	11	23	21
Klasse 5	12	10	24	19	11	23
Klasse 6	21	12	10	24	19	11
Klasse 7	13	21	12	10	24	19
Sum	110	120	120	126	133	122

Elevtalsutvikling ved Fotlandsvåg skule er:

Fotlandsvåg skule	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klasse 1	12	9	14	12	10	12
Klasse 2	10	12	9	14	12	10
Klasse 3	6	10	12	9	14	12
Klasse 4	7	6	10	12	9	14
Klasse 5	7	7	6	10	12	9
Klasse 6	10	7	7	6	10	12
Klasse 7	7	10	7	7	6	10
Sum	59	61	65	70	73	79

Elevtalsutvikling ved Lonevåg skule utan elevar frå Haus og Fotlandsvåg skule er:

Lonevåg skule	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klasse 1	33	31	20	16	25	18
Klasse 2	30	33	31	20	16	25
Klasse 3	33	30	33	31	20	16
Klasse 4	34	33	30	33	31	20
Klasse 5	25	34	33	30	33	31
Klasse 6	21	25	34	33	30	33
Klasse 7	39	21	25	34	33	30
Sum	215	207	206	197	188	173

Elevtal på Lonevåg skule med elevar frå Haus og Fotlandsvåg på 5. – 7. trinn:

Lonevåg- Fotlandsvåg- Haus - samle mellomsteget	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klasse 1	33	31	20	16	25	18
Klasse 2	30	33	31	20	16	25
Klasse 3	33	30	33	31	20	16
Klasse 4	34	33	30	33	31	20
Klasse 5	44	50	63	59	56	63
Klasse 6	52	44	50	63	59	56
Klasse 7	59	52	44	50	63	59
Sum	285	273	271	272	270	257

Lonevåg skule har kapasitet på 360 elevar. Det er ein framtidretta skulebygning og den har kapasitet til å ta imot elevar frå Haus og Fotlandsvåg. Det er i dag 2 klassar på dei fleste trinn på Lonevåg skule. På Haus skule er det ein klasse på kvart trinn. På Fotlandsvåg har ein slått saman nokre trinn og det er to klassar på 5. -7. trinn. Klassesdelingstalet på barnetrinnet er på 28 elevar. Det betyr at med meir enn 28 elevar på trinnet skal det normalt opprettast ei ny gruppe.

Skysstkostnader

Fotlandsvåg skule: 52,5 % av elevane har i dag skuleskyss. Skysstkostnadane for den gruppa som i dag får skyss, vil verta det same om dei blir skyssa til Lonevåg. Skysstkostnadane for elevgruppa frå Fotlandsvåg vil auke med kr 83 125 gjennomsnittleg pr. år.

Haus skule: 62,7 % av elevane har i dag skuleskyss. Skysstkostnadane for den gruppa som i dag får skyss, vil verta det same om dei blir skyssa til Lonevåg. Skysstkostnadane for elevgruppa frå Haus skule vil auke med kr 130 550 gjennomsnittleg pr. år.

Auken i skysstkostnader vil variere litt frå år til år i samsvar med elevtalet. Skysstkostnadane pr. elev er om lag kr 7 000 pr. år. Samla vil Osterøy kommune få ein auke i kostnader til skuleskyss på kr 213 675 i gjennomsnitt pr. år.

Innsparingspotensiale ved samanslåing til oppveksttun på Haus og Fotlandsvåg:

	2021			2022			2023		
	5. trinn	6. trinn	7. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn
	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar	Tal klassar
Struktur som i dag	3	3	3	4	3	3	4	4	3
Samanslått oppveksttun	2	2	2	3	2	2	3	3	2
Endring/innsparing ved oppveksttun	-1	-1	-1	-1	-1	-1	-1	-1	-1

Ut frå elevtalet ser rådmannen at innsparinga på denne omlegginga i strukturen vil føre til at ein kan opprette 3 mindre klassar eller elevgrupper. Ein kan etter kvart redusere leiarressursen, sjølv om ein etter lovverket skal ha både rektor og styrar. Dette vil gje ei innsparing på ca. 5 årsverk årleg.

Årleg innsparing om lag kr 3 500 000. Talet er basert på 5 årsverk (kr 750 000 pr årsverk), og ekstraavgifter til skuleskyss er trekt frå. Innsparinga forutset at alle elevane følgjer med over til Lonevåg skule.

Risiko for at innsparinga ikkje kan realiserast:

Rådmannen har vurdert kor sikker innsparinga er i forhold til om elevar vel å gå på privatskule. For skuleåret 21/22 vil det ikkje ha konsekvensar for klassesdeling på Lonevåg skule om eit tal elevar vel privatskular. Dersom elevane vel å gå til privatskular vert kommunen trekt i innbyggjartilskot. Det er 2 år forseinking på trekk i rammene frå staten. Dette er på kr 101 000 pr elev. Dersom 10 elevar vel privatskule vil kommunen få redusert innbyggjartilskotet i 2023 med kr 1 010 000. Kommunen er også pliktig å betale skuleskyss for elevane. Dersom eleven kan følgje ruteskyss er kostnaden pr elev kr 7 000. Dersom eleven må ha drosjeskyss vil kostnaden variere ut frå kva skule dei går på og reiseavstand til heimen. For dei som har lengst reiseveg vert kostnaden på kr 1 000 pr dag eller kr 190 000 pr år. Om vi har 5 elevar med lang skuleskyss i drosje vil det koste kr 950 000.

Osterøy Kommune – Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Eksempel 1 Innsparing skuleåret 2021/2022 – 10 elevar i privat skule, inga endring i talet på klassar, 5 elevar med lang drosjeskyss:

Innsparing ved overføring av alle elevar til Lonevåg	: kr 3 500 000
– redusert innbyggjartilskot ved 10 elevar i privatskule	: kr 1 010 000
– 5 elevar med lang drosjeskyss	: kr 950 000
Netto innsparing	: kr 1 540 000

For 22/23 vil ein reduksjon av 5 elevar (som går på privatskular) på 5. trinn redusere med ein klasse på Lonevåg (sjå neste tabell). Det vil føre til auka utgifter på minst kr 505 000 (reduisert innbyggjartilskot kr 101 000 pr elev) i tillegg til skyssutgifter avhengig av kvar elevane bur og transportform. Personalkostnadane med ein klasse vil gje ei innsparing på ca. kr 1 100 000.

Eksempel 2 Innsparing skuleåret 2022/2023 – 5 elevar i privat skule på 5. trinn, 10 elevar i privat skule 6.-7. trinn, redusere med 1 klasse på 5. trinn i Lonevåg

Innsparing ved overføring av alle elevar til Lonevåg	: kr 3 500 000
Innsparing personalkostnader 1 klasse	: kr 1 100 000
- redusert innbyggjartilskot ved 10 elevar i privatskule	: kr 1 010 000
- 5 elevar med lang drosjeskyss	: kr 950 000
- redusert innbyggjartilskot 5 ny elevar i privatskule	: kr 505 000
Netto innsparing	: kr 2 135 000

Eksempel 3 For skuleåret 2023/2024 er det nok at ein elev går på privatskule for å redusere med ein klasse i Lonevåg. Reknestykke for innsparing vert då som ved ein redusert klasse i 2022/2023.

Elevtal på Lonevåg skule med elevar frå Haus og Fotlandsvåg på 5. – 7. trinn:

Lonevåg/Fotlandsvåg/Haus Samle mellomsteget Elevtal pr trinn	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Trinn 1	33	31	20	16	25	18
Trinn 2	30	33	31	20	16	25
Trinn 3	33	30	33	31	20	16
Trinn 4	34	33	30	33	31	20
Trinn 5	44	50	63 **	59 *	56	63 **
Trinn 6	52	44	50	63 **	59 *	56
Trinn 7	59	52	44	50	63 **	59 *
Sum	285	273	271	272	270	257

* ved 1 elev mindre kan det reduserast med 1 klasse

** ved 5 elevar mindre kan det reduserast med 1 klasse

Barnehage:

Barnehagane i Haus og Fotlandsvåg har ulike utfordringar. Medan barnetalet på Haus er synkande, er det stigande i Fotlandsvåg. Rådmannen vurderer at det er tett fysisk avstand mellom barnehagane og skulane og at det kan vere nyttig å ha eit godt samarbeid med personell som kan nyttast både i barnehage og skule i ein normal driftssituasjon. Dersom barnehagen i Fotlandsvåg har behov for meir areal, kan ein nytte den delen av skulen som vert frigjort om elevane på 5.-7. trinn vert flytta til Lonevåg. Dersom ein nyttar personale både i barnehage og skule, kan ein få fleire fulle stillingar for barne og ungdomsarbeidarar i framtida.

Det pedagogiske tilbodet som vert gitt ved skulane i Osterøy vurderer rådmannen som godt.

Konsekvensar

Ei slik strukturell omlegging vil ha konsekvensar for barn, elevar, føresette og lokalmiljø. Rådmannen vurderer at dei økonomiske konsekvensane er så store at endringa vert tilrådd til politisk handsaming.

I tillegg ser rådmannen desse konsekvensane:

- Fleire elevar må ha skyss og skyssutgiftene vil auke
- Nokre få elevar får lengre reiseveg og dermed lengre reisetid
- Tilsette må byte arbeidsstad, nokre får lengre reiseveg
- Mindre fagmiljø på skulen og ein vert sårbar med innhenting av kvalifiserte tilsette ved 1-4 skulane/oppveksttuna
- Elevane i 5.-7.trinn vil kunne få eit meir stimulerande læringsmiljø ved å bli inkludert i større elevgrupper på same alderstrinn
- Fleire elevar kan velje privatskular
- Det kan verte mindre trong for reinhald på rom som ikkje er i bruk heile tida på skulane
- Strukturen i barnehagane kan verte endra ut frå behov - må vurderast ved innsøking til nytt barnehageår. Må eventuelt vurderast i eiga sak
- Lettare overgang frå barnehage til skule i Fotlandsvåg og Haus